



ULSTEIN KOMMUNE

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2024–2027

Framlegg frå kommunedirektøren



ULSTEIN
- der baug bryt båre

Versjon: 6. november klokka 13.00

Kommunedirektøren si innleiing

Pengane går ut fortare enn dei kjem inn

Høg effektivitet og gode tenester, men pengane går ut fortare enn dei kjem inn. Dette er ei samanfatning av driftssituasjonen i Ulstein kommune. Det er ikkje rett å sei at årsakene til dette er redusert skatteinntekt og høge finanskostnader (renter og avdrag), fordi dette er ei utvikling som har gått over tid. Dei som har følgt kommunen over år veit at høge overskot på drifta ikkje har vore Ulstein kommune sitt varemerke. Vi har over fleire år hatt ei drift som har vore litt høgre enn budsjettet, men har kome i hamn takka vere ekstrainntekter.


Ein effektiv kommune

Ulstein kommune leverer svært godt. I Kommunebarometeret for 2023 ligg kommunen på ein femteplace, ned frå ein førsteplace i 2022. Kommunen har dei siste fire åra lege høgare enn tiandeplace. Det er ein sterk prestasjon. Også på Storebrand/Agenda Kaupang si rangering [Norges best stykte kommuner 2023](#), kjem kommunen godt ut på tenestekvalitet og effektivitet, men ikkje på dei økonomiske indikatorane. I denne oversikta ligg kommunen på tjuandeplace på lista over «Mest effektive» der det vert sett på kvalitet og kostnad. Dette er opp 24 plassar frå 2022.

Vi tek fram dette fordi det fortel at det vert gjort svært mykje godt arbeid i tenesteproduksjonen i Ulstein kommune. Kommunen har mange dyktige fagfolk som leverer kvar dag, i ein hektisk og utfordrande arbeidssituasjon. Eg har innleiingsvis behov for å sei til kvar enkelt tilsett at arbeidsinnsatsen din vert sett og sett pris på.

Frå skattesterk til minsteinntektskommune

Det er også viktig at vi tek med oss dette inn i dei utfordingane som ligg framfor oss. I tertialrapporten for andre tertial 2023 rapporterer vi om eit meirforbruk i 2023. Vi legg også til grunn ein reduksjon i gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggjar ned mot 90 prosent for 2023, ut frå den informasjonen vi har i oktober 2023.



Ulstein kommune har frå 2014 til 2022 hatt ein kontinuerleg reduksjon i gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggjar. Frå 118,7 prosent i 2014 til 91,0 prosent i 2022. Så langt vi kan sjå i 2023 (fram til oktober) er det teikn til lågare nivå i 2023. Bakgrunnsdokumentasjon som er utarbeidd av Telemarksforsking viser at skatteveksten i Ulstein per innbyggjar i perioden 2018 til 2022 er på om lag 21 prosent mot endringa på landsbasis som er på 33 prosent.

Konklusjonen er at Ulstein kommune har utvikla seg frå ein skattesterk kommune til ein minsteinntektskommune. Dette er ein viktig realitet å ta med seg inn i arbeidet med økonomiplan. Ser vi på arbeidsplassutviklinga frå 2015 til 2023 (grunnlagsmateriale side 91) har vi hatt ein betydeleg nedgang i aktiviteten i næringslivet. Dette slår fort ut på kommunen si skatteinntekt. Også skattegrunnlaget knytt til formuesskatt er redusert. Det er dermed ein lang veg opp til eit skattegrunnlag på 100 prosent av landsgjennomsnittet. Det positive i situasjonen er at folketallet i kommunen har halde seg godt i heile perioden med låg aktivitet. Dette fortel om eit robust lokalsamfunn som har eit stort potensial når utviklinga i den maritime industrien no snur oppover igjen.

Kommunen vert også råka hardt av renteendringa. Med den rentesikringa kommunen har slår ein prosent i renteauke ut med 3,5 millionar kroner på eksisterande gjeld. Men vi får også effekten inn i nye prosjekt, og vi har eit ekspansivt investeringsbudsjett. Mest tydeleg ser vi dette i dei nye omsorgsbustadane og ny barnehage i Hasund. Med noverande rentenivå vil belastninga for dei to prosjekta vere 9,8 millionar kroner i 2026.

Det er utarbeidd eit bakgrunnsdokument frå Telemarksforskning. Dokumentet set fokus på ein del av dei bakanforliggande kretene som har innverknad på arbeidet vårt med økonomiplanen. Dette er sendt ut som eit eige vedlegg.

Utviklingstrekk

Ein del av dei punkta kommunedirektøren vil trekke fram

- Endring i demografi (endring i befolkning) er ei av dei sterke kretene i dette bildet. Hovudtrekka er auke i den eldre delen av innbyggjarane og reduksjon i den yngre delen. Dette er hovudtrekket, men der er lokale variasjonar. Mottak av flyktingar og netto innvandring dreg i motsett retning.
- Utvikling i skatteinntekt. Mykje av variasjonen er knytt til utvikling i næringslivet og utvikling i talet på tilsette. Telemarksforskning viser utviklinga frå 2000 med ein vekst i arbeidsplassar på over 40 prosent i 2010 til 2015, til ein indeks på rundt 107 i 2022. Indeksen viser også bratt stigning i 2020 og eit fall etter det. Dette viser kor fort indeksen kan ta seg opp når aktiviteten i næringslivet tek seg opp.
- Velferdskollaps er eit ord som stadig fleire gjer seg nytte av når dei skal skildre den langsiktige utviklinga – først og fremst innan helse og omsorg. Med aukande behov for tenester ut frå rettighetslovgiving og endring i demografi, og redusert tal på personar i yrkesaktiv alder, vil ikkje reknestykket gå opp. Landet har ikkje nok hender til å løyse oppgåvane viss vi skal yte tenester slik vi gjer det i dag. Det er heller ikkje økonomiske ressursar til å finansiere dette på lang sikt. Utfordringane er så store at KS har sett spesielt fokus på dette. Sjå [Fremtidsverktøyet 2040](#).
- Investering og utvikling i lånegjeld er ein samansett faktor. Det eine er langt tidsperspektiv på opp til 40 år og meir, og dermed redusert fleksibilitet. Det andre er utvikling i rente som belastar drift. I tillegg har investeringar vedlikehaldskostnader som kjem over tid og som i liten grad er med i investeringeskalkylen. På den andre sida er investeringar heilt nødvendig for effektiv drift, for kapasitetsaue og omstilling.

- Mottak av flyktningar. Her ligg forklaringa til mykje av folketalsveksten dei siste to åra. Der er eit høgt og stigande press på mottaksapparatet på statleg side, og spørsmål om busetting i kommunane. Mottak gir oss, i alle fall på kort sikt, ein økonomisk buffer. På same tid er det utfordringar med omsyn til kapasitet på ulike tenesteområde i kommunen. Det er også usikkert kva tidsperspektiv vi arbeider under. Er dette permanent busetting eller kan ei endring i situasjonen i Ukraina føre til tilbakeflytting?
- Inntektssystemutvalet si utgreiing. Utvalet held på med ein gjennomgang av inntektssystemet for kommunane. Ein mogleg framdriftsplan er framlegging våren 2024 og innfasing med verknad for 2025. For Ulstein kommune er det lite oppside og mykje nedside i dei endringane som er foreslått så langt. Dersom utvalet sitt forslag vert gjennomført utan endringar den samla effekten for Ulstein kommune – 6,5 million kroner. Dette er basert på 2021 tal som er grunnlaget for utvalet sine utrekningar. Det står att å sjå kva som vert gjennomført og kor fort det vert gjennomført. Denne endringa er ikkje lagt inn i framlegget til økonomiplan for 2024.

Føresetnader som er lagt til grunn for arbeidet

Økonomiplanen er også i år budsjettert i faste prisar. Det vil sei at det ikkje er lagt inn forventa prisauke eller inntektsauke i mellom dei fire åra.

Ved framlegging av økonomiplanen er ikkje statsbudsjettet vedteke. Det kan verte endringar i det som er lagt til grunn dersom Stortinget gjer vedtak som har innverknad på skattegrunnlag/skattefordeling eller løyvingar til kommunane.

Kommunedirektøren legg fram ein litt komplisert økonomiplan. Komplisert på den måten at han er asymmetrisk. Føresetnadane om inntekt for 2024 er ulik dei andre åra. Mottak av flyktningar tilfører betydelege beløp til kommunen, med mottak av 135 i 2022 og vedtatt mottak på 125 i 2023. Dette tilfører drifta betydeleg nettoinntekter dei fem åra vi får tilskot. Mest i starten fordi tilskotet har ein profil som gjer at det er høgst i år to og vert redusert i år tre, fire og fem. **Vedtaket om mottak av flyktningar i 2024 er eit politisk vedtak som skal gjerast i desember 2023.**

Kommunedirektøren har lagt inn i budsjettet eit mottak på 80 i 2024, som er det talet kommunen administrativt har meldt til statsforvaltaren at vi kan ha kapasitet til å ta i mot. Vidare for dei tre siste åra har vi lagt inn eit mottak på 10 personar årleg. Det er det talet kommunen låg på før krigen i Ukraina braut ut. For det første er mottak av flyktningar svært usikkert. Det er behov no, men det kan snu fort. For det andre vil vi synleggjere andre underliggende utfordingar i kommunebudsjettet som må handterast. Dette ville vorte skjult om vi budsjetterte med høge inntekter frå mottak av flyktningar.

Skatteinntekt i gjennomsnitt per innbyggjar er budsjettert til 92 prosent av landsgjennomsnittet. Det er to prosentpoeng over det vi ventar skal verte resultatet for 2023. Der er forventa aktivitetsauke innanfor den maritime næringa, og vi har lagt inn ein moderat auke. Vi har fått 60 prosent kompensasjon opp til gjennomsnittleg skatteinntekt. Det betyr at når aktiviteten i Ulsteinsamfunnet tek seg opp, vil kommunen berre få 40 prosent nettoeffekt av ei ekstra skattekrona opp til vi har nådd landsgjennomsnittet. (*Ligg vi ei krone under landsgjennomsnittet i skatt får vi 60 øre i kompensasjon. Tener vi den krona sjølv får vi heile krona, men kompensasjonen fell bort.*) Netto auke i vår skatteinntekt er dermed 40 øre. Auka skatteinntekt i høve landsgjennomsnittet vil vere ei svært positiv utvikling, men det er ingen rask veg ut. 1 prosent vekst i høve landsgjennomsnittet vil gi om lag 1,4 millionar kroner i auka inntekt.

Bildet i administrasjonen sitt framlegg til økonomiplan er utfordrande. Der er meirinntekt i år 2024, den vert redusert i 2025, og 2026 har eit underskot som et opp overskotet dei to første åra. Underskotet i 2027 er på 22,4 millionar kroner. Der er altså eit omstillingssbehov i 2027 på 22,4 millionar kronar. I tillegg kjem auka demografikostnader i perioden som sektorane ikkje er kompensert for.

Kva element er inne i kommunedirektøren sitt framlegg?

	2024	2025	2026	2027	Heile perioden
Sum auke i frie inntekter	-54 082 000	-53 332 000	-58 332 000	-61 832 000	
Sum auka lønn/pensjon	32 780 402	32 780 402	32 780 402	32 780 402	
Sum verknad av oppgåveendringar/innlemmingar	3 932 186	3 932 186	3 932 186	3 932 186	
Sum justeringar mot UEKF	4 828 422	4 089 422	4 089 422	4 089 422	
Sum justering av budsjett knytt til flyktningsituasjonen	-13 365 400	-11 268 500	318 500	318 500	
Sum andre justeringar	11 566 000	11 566 000	9 366 000	12 566 000	
Sum driftskonsekvens av investeringar	1 705 500	7 841 000	19 208 500	20 284 500	
Sum justering sjølvkostområdet	-2 275 010	-2 220 010	-2 177 010	-2 389 010	
Sum justering finansområdet	1 944 170	1 944 170	1 944 170	1 944 170	
Endra avsetting til disposisjonsfond	12 965 730	4 667 330	-11 130 170	-11 694 170	-5 191 280
Framskreve avsetting til disp.fond frå økonomiplan 2023-2026	2 430 263	3 822 663	4 952 663	4 952 663	16 158 252
Avsetting (+) /bruk (-) av disp.fond sjølvkostområdet	-2 408 000	-959 000	1 598 000	2 943 000	1 174 000
Ny avsetting (+) /bruk (-) av fond	12 987 993	7 530 993	-4 579 507	-3 798 507	12 140 972

Detaljene i den enkelte samanfatninga går fram av eit eige vedlegg. Det dramatiske i dette bildet er det som ikkje står i tabellane. Vi klarer å dekke inn heilårsverknad for lønnsauke frå 2023 inn i 2024. Vi dekker inn det som ligg som overføringer i rammetilskotet med tilhøyrande kostnader i våre budsjett. Der er gjort nokre justeringar på overføringer til andre på om lag 10 millionar kronar i året. Her ligg også finansiering av prosjektet om auka grunnbemannning i Holsekerdalen for 2024 og 2025.

Den utfordrande posten er driftskonsekvensar av investeringar. Den går frå 1,5 millionar kroner årleg til 20,6 millionar kroner årleg når driftskonsekvensar av omsorgsbustadar, ny barnehage i Hasund og Helseplattforma slår inn for fullt.

Bildet er marginalt betre enn det ser ut i oversikta fordi kostnader knytt til investeringar i vatn og avløp vert dekt lengre nede i reknearket. Beløpet er 0,4 millionar i 2024 og aukar til 2,3 millionar kroner i år 2027.

Ut frå den økonomiske situasjonen vi er i skulle bygging av barnehagen vore flytta ut i tid til inntektssituasjonen vart betra, gjelda vert redusert eller renta vart redusert. Bygging av omsorgsbustadar har kome for langt.

Utover dei investeringane som er vedtekne av kommunestyret i saka om 10-årig investeringsplan, er det lagt inn svært få andre investeringstiltak.

Merk at investeringskostnadane er for tiltak kjem i Ulstein kommune sitt budsjett eller budsjettet Ulstein eigedomsselskap KF. Driftskostnadane for kommunale bygg fell på kommunebudsjettet.

Treng fleire stillingar

I høve til tidlegare økonomiplan er det foreslått reversering av stillingskutt i sentraladministrasjonen med ei stilling. Der er også behov for ei stilling på personalavdelinga og ei stilling på økonomi. Publikumsmottak, arkiv og sentralbord går ikkje i hop med dei stillingane vi har i dag. Der er auka behov på personal på grunn av auka arbeid med tilsettingar. I begge avdelingane er det auka behov knytt til innføring av ny programvare og arbeid med kompetanseplan. Det er også behov for støtte med omstillingskapasitet frå stabseiningane til sektorane. Det er vidare sterkt behov for å kunne hjelpe einingane meir i deira arbeid innafor økonomi og personal. Dette er ei klart behov dersom vi skal makte å få eit godt budsjettgrunnlag på plass innan 2026. Det er lagt inn med 1,5 millionar kroner i 2024, deretter 2 millionar kroner årleg. Der er lagt inn to stillingar, og einingane får avklare bruk seg i mellom.

Der vil vere eit kontinuerleg behov for omstilling i kommunal sektor framover for heile landet, og dette er noko Ulstein kommune må tilpasse seg og leve med i åra som kjem. Utover dette har kommunen behov for å få kontroll på driftssituasjonen og sette av til fond i staden for å bruke av fond.

Alternative tiltak

Målet må vere at kommunen før 2027 skal ha eit samsvar mellom budsjettgrunnlag og drift slik at budsjettet gir eit føreseieleg grunnlag for styring, og at det skjer ei stabil oppbygging av fond.

Der er fleire alternative tiltak:

- Kommunen kan auke eigedomsskatten. I økonomiplanen er det lagt inn ei inntekt på 14,5 millionar kroner i året med 1,75 promille i eigedomsskatt. Denne kan over tid aukast til 4 promille og gi ei meirinntekt på 19 millionar kroner med det inntektsgrunnlaget vi har i dag. Auken i eigedomsskatt kan maksimalt skje med 1 promille per skatteår. 1 promille auke vil gi om lag 8,5 millionar kroner årleg. Det er lagt inn 0,5 promille auke i 2026 og 1 promille auke i 2027 ut frå noverande nivå.
- Endring i skulestrukturen er per i dag lite aktuelt fordi kommunen har behov for kapasiteten på skulane knytt til busetting av flyktningar, og det ansvaret kommunen har for undervisning for dei som bur på asylmottaket.
- Gå gjennom drift og organisering opp mot behov for tenester i alle sektorane våre. Her vil det vere behov for å hente inn ressursar i tillegg til dei kommunen har. Spesielt må vi sjå på tildeling av ressursar innanfor omsorg. Ut frå tal frå KS ligg Ulstein kommune med ein produksjon på 1,2 innanfor helse og omsorg og ein ressursbruk på 0,9 i høve til snittet der gjennomsnittet er 1. Også andre deler av kommuneorganisasjonen må ha ein gjennomgang.
- Kommunen, saman med UEKF, har etter kvart ein omfattande bilpark. Vi må sjå på om denne har rett samansetting og om han vert drifta optimalt. Vidare behov framover må og kartleggast.

- Vi må sjå på utnytting av kommunale bygg og om denne kan effektiviserast slik at kommunen kan redusere bygningsmasse, frigjøre midlar og redusere kostnader til drift og framtidig vedlikehald.
- Vurdere å konkurranseutsette reinhaldstenester. Dette må gjerast på ein slik måte at UEKF kan gje tilbod på tenestene. Vi er difor avhengig av å nytte ekstern konsulent i tilrettelegginga av konkurransegrunnlaget.

Også andre kommunale tenester kan vurderast dersom der er ein fungerande marknad vi kan konkurrere mot.

Eit minimum av investeringar

Den største grepet for å gå i rett retning er at vi er forsiktig med investering. Det vert vist til oversikta der driftskonsekvensane av investeringar er vist. Det summerer seg opp til betydelege beløp. Med så låg inntekt som vi har, og eit høgt rentenivå, må vi skru dei store investeringane ned til eit minimum.

Omstillingsbehov er konkretisert til ein årseffekt på 22 millionar kroner innan utgangen av 2026.

I tillegg er investeringar i nye lokale til erstatning for noverande rådhus flytta ut av økonomiplanen, men det må løysast i neste økonomiplanperiode. Kyrkja er heller ikkje inne i denne økonomiplanen. Det hastar for soknet å få tenlege lokale for si verksemد, men det må vere ei mykje mindre og rimelegare løysing enn den kyrkja dei no har på teiknebrettet.

Ulstein kommune har ei større utfordring i omstillinga enn andre kommunar rundt oss. Dette fordi vi har høg gjeld og samtidig har fått redusert inntekt. Vi har likevel litt tid til omstilling på grunn av dei høge inntektene frå mottak av flyktninger.


Denne omstillinga må vi ta, vi må tote og utfordre oss sjølv og måten vi driv på og vi må innsjå at rammene for kommunal drift vert strammare i tida framover. Samtidig må vi gjere omstillinga med kløkt. Vi har svært mange viktige element i denne organisasjonen som vi må få med vidare. Vi må framleis vere ein organisasjon som driv effektivt og godt, og vi må stå fram som ein attraktiv arbeidsgivar skal vi klare å rekruttere og halde på god kompetanse framover.

Kva skulle vi hatt inn som vi ikkje får inn?

- Kompensasjon for prisauke. Ved å ikkje få den inn får alle sektorane ein reduksjon fordi innkjøpte varer og tenester dei må ha vert dyrare i 2024 utan at rammene for innkjøp aukar. 4,3 millionar kroner i 2023
- Auka behov for stillingar i omsorg. Det er per i dag ikkje lagt inn auka bemanning knytt til omsorgsbustadane, og dette må på plass.
- Auka kostnader knytt til kjøp av tenester innanfor heile den kommunale organisasjonen.

Verner Larsen
kommunedirektør

Organisasjonskart



[Lenke til organisasjonskartet i PDF.](#)

Økonomiplan for 2024-2027

Budsjettvedtak

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rammetilskot	-251 880	-265 974	-309 262	-309 262	-309 262	-309 262
Skatt på inntekt og formue	-316 949	-316 116	-325 660	-325 660	-325 660	-325 660
Eigedomsskatt	-12 540	-12 800	-14 500	-14 500	-18 750	-23 000
Andre skatteinntekter	-34	-34	-34	-34	-34	-34
Andre overføringer og tilskot frå staten	-42 204	-39 132	-75 091	-59 271	-40 021	-39 271
Overføringer og tilskot frå andre	-132 687	-73 474	-105 837	-101 092	-84 074	-81 160
Brukabetalingar	-24 010	-19 473	-17 286	-17 286	-17 286	-17 286
Sals- og leigeinntekter	-54 484	-54 048	-58 304	-61 975	-65 088	-68 161
Sum driftsinntekter	-834 788	-781 051	-905 974	-889 080	-860 176	-863 835
Utgifter til løn	380 916	338 006	397 860	388 971	370 889	371 295
Sosiale utgifter	89 790	89 353	108 576	107 182	102 893	103 028
Kjøp av varer og tenester	297 916	295 843	323 743	318 800	321 132	322 277
Overføringer og tilskot til andre	25 010	20 147	21 544	20 730	20 730	20 730
Avskrivningar	24 257	23 344	23 344	23 344	23 344	23 344
Sum driftsutgifter	817 888	766 693	875 066	859 027	838 988	840 674
Brutto driftsresultat	-16 899	-14 358	-30 908	-30 053	-21 187	-23 160
Renteinntekter	-2 980	-3 827	-7 153	-7 153	-7 153	-7 153
Utbytte	-1 252	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	887	-1 500	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Renteutgifter	11 667	19 195	26 732	28 977	29 703	30 017
Avdrag på lån	25 750	25 810	26 645	27 998	30 517	31 395
Netto finansutgifter	34 073	38 178	42 224	45 822	49 067	50 259
Motpost avskrivningar	-24 257	-23 344	-23 344	-23 344	-23 344	-23 344
Netto driftsresultat	-7 083	476	-12 028	-7 575	4 535	3 754
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	2 947	676	644	644	644	644
Bruk av bundne driftsfond	-8 690	-4 271	-1 604	-600	-600	-600
Avsettingar til disposisjonsfond	12 813	3 118	15 396	8 906	1 598	2 943
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-2 408	-1 375	-6 178	-6 742
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	7 070	-477	12 028	7 575	-4 535	-3 754
Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)	-14	-1	0	0	0	0

Økonomiplan for 2024-2027

Løvvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rammetilskot	-251 880	-265 974	-309 262	-309 262	-309 262	-309 262
Inntekt- og formuesskatt	-316 949	-316 116	-325 660	-325 660	-325 660	-325 660
Eigedomsskatt	-12 540	-12 800	-14 500	-14 500	-18 750	-23 000
Andre generelle driftsinntekter	-42 238	-39 166	-75 125	-59 305	-40 055	-39 305
Sum generelle driftsinntekter	-623 607	-634 056	-724 547	-708 727	-693 727	-697 227
Korrigert sum løvvinger drift, netto	582 464	596 355	670 295	655 329	649 195	650 722
Avskrivningar	24 257	23 344	23 344	23 344	23 344	23 344
Sum netto driftsutgifter	606 721	619 699	693 639	678 674	672 540	674 067
Brutto driftsresultat	-16 886	-14 357	-30 908	-30 053	-21 187	-23 160
Renteinntekter	-2 980	-3 827	-7 153	-7 153	-7 153	-7 153
Ubytte	-1 252	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddele	887	-1 500	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Renteutgifter	11 667	19 195	26 732	28 977	29 703	30 017
Avdrag på lån	25 750	25 810	26 645	27 998	30 517	31 395
Netto finansutgifter	34 073	38 178	42 224	45 822	49 067	50 259
Motpost avskrivningar	-24 257	-23 344	-23 344	-23 344	-23 344	-23 344
Netto driftsresultat	-7 070	477	-12 028	-7 575	4 535	3 754
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne driftsfond	2 947	676	644	644	644	644
Bruk av bundne driftsfond	-8 690	-4 271	-1 604	-600	-600	-600
Avsettingar til disposisjonsfond	12 813	3 118	15 396	8 906	1 598	2 943
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-2 408	-1 375	-6 178	-6 742
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	7 070	-477	12 028	7 575	-4 535	-3 754
Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Økonomiplan for 2024-2027

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Politisk og administrasjon	26 605	53 131	60 618	60 908	60 076	60 276
Oppvekst og kultur	292 614	307 651	342 962	336 450	336 111	339 112
Helse og omsorg	254 288	229 431	261 983	256 745	254 401	254 277
Teknisk etat	20 046	21 225	20 993	19 624	19 505	19 386
Utanfor kommunalområde	421	-445	103	103	103	103
Sum løyvingar drift, netto	593 973	610 994	686 659	673 831	670 197	673 155
Av dette:						
Avskrivninger	8 974	9 267	9 407	9 522	9 706	9 935
Netto renteutgifter og -inntekter	7 407	9 003	10 361	9 930	9 689	9 546
Avsetninger til bundne driftsfond	2 760	40	8	8	8	8
Bruk av bundne driftsfond	-7 632	-3 671	-1 004	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	416	1 598	2 943
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-2 408	-1 375	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	582 464	596 355	670 295	655 329	649 195	650 722

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Investeringar i varige driftsmidlar	30 295	33 090	39 675	55 464	24 125	14 813
Tilskot til andre sine investeringar	13 296	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	3 212	0	0	0	0	0
Utlån av eigne midlar	6 427	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	14 133	30 850	0	3 000	2 400	2 000
Sum investeringsutgifter	67 362	63 940	39 675	58 464	26 525	16 813
Kompensasjon for meirverdiavgift	-2 714	-1 870	-3 165	-9 173	-3 125	-1 313
Tilskot frå andre	-7 528	-3 608	-900	-7 450	-2 300	0
Sal av varige driftsmiddel	-25 693	-30 850	0	-3 000	-2 000	-2 000
Sal av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-2 348	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-17 403	-24 300	-35 610	-44 391	-19 100	-13 500
Sum investeringsinntekter	-55 686	-60 628	-39 675	-64 014	-26 525	-16 813

Økonomiplan for 2024-2027

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Vidareutlån	14 213	16 000	16 000	6 000	6 000	6 000
Bruk av lån til vidareutlån	-14 213	-16 000	-16 000	-6 000	-6 000	-6 000
Avdrag på lån til vidareutlån	3 439	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-2 770	0	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	669	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til bundne investeringsfond	1 232	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-3 112	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubundne investeringsfond	1 432	0	0	5 950	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-11 897	-3 312	0	-400	0	0
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-12 345	-3 312	0	5 550	0	0
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0

Økonomiplan for 2024-2027

Løvvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Politisk og administrasjon							
Politisk og administrasjon	861	1 150	3 950	0	4 875	1 500	10 325
Sum Politisk og administrasjon	861	1 150	3 950	0	4 875	1 500	10 325
Oppvekst og kultur							
Oppvekst og kultur	3 678	0	2 125	313	313	313	3 063
Sum Oppvekst og kultur	3 678	0	2 125	313	313	313	3 063
Helse og omsorg							
Helse og omsorg	39	13 100	1 000	33 088	1 000	1 000	36 088
Sum Helse og omsorg	39	13 100	1 000	33 088	1 000	1 000	36 088
Teknisk etat							
Teknisk etat	25 718	18 840	32 600	22 063	17 938	12 000	84 601
Sum Teknisk etat	25 718	18 840	32 600	22 063	17 938	12 000	84 601
Investeringar i varige driftsmidlar	30 295	33 090	39 675	55 464	24 125	14 813	134 076

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Ventilasjonsanlegg							
Ulstein ungdomsskule	800	0	0	0	0	0	0
Oppgradering	5 208	0	0	0	0	0	0
Almejordet barnehage							
Uteområde Hasund skule	400	0	0	0	0	0	0
Flytting av Almejordet bhg til UEKF	9 892	0	0	0	0	0	0
Nye omsorgsbustadar inkl. forprosjekt	400	0	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	16 699	0	0	0	0	0	0

Økonomiplan for 2024-2027

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Div.finanstransaksjonar investering	6 423	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	6 423	0	0	0	0	0	0

4. Utlån av eigne midlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan Sum 2024-2027
Forskottering av tippemidlar til ny turnh	5 950	0	0	0	0	0	0
Forskottering spelemidlar rehabilitering Ulsmohallen	477	0	0	0	0	0	0
Utlån av eigne midlar	6 427	0	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	59 844	33 090	39 675	55 464	24 125	14 813	134 076

Hovudtala i budsjettforslaget

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Rammetilskot	-309 262	-309 262	-309 262	-309 262
Inntekts- og formuesskatt	-325 660	-325 660	-325 660	-325 660
Eigedomsskatt	-14 500	-14 500	-18 750	-23 000
Andre generelle driftsinntekter	-34	-34	-34	-34
Andre statlege overføringer	-75 091	-59 271	-40 021	-39 271
Sum frie inntekter	-724 547	-708 727	-693 727	-697 227

Inntekts- og formuesskatt

Auka brutto skatt ved 92% av landssnittet

Eigedomsskatt

Antatt auke i eigedomsskatt

Andre statlege overføringer

Estimert inntektsauke frå auka produksjonsavgift

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Sum sentrale utgifter	0	0	0	0

Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Politisk og administrasjon	60 615	60 905	60 073	60 273
Oppvekst og kultur	342 962	336 450	336 111	339 112
Helse og omsorg	261 983	256 745	254 401	254 277
Teknisk etat	22 028	19 655	19 536	19 417
UEKF	0	0	0	0
Utanfor kommunalområde	-17 566	-13 402	-16 278	-15 736
Driftsutgifter per tenesteområde	670 021	660 353	653 843	657 343

Økonomiplan for 2024-2027

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Renteinntekter	-3 647	-3 647	-3 647	-3 647
Utbytter	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Avdrag på lån	26 645	26 395	26 395	26 395
Avskrivningar	23 344	23 344	23 344	23 344
Renteutgifter	21 122	21 122	21 122	21 122
Netto finansinntekter/finansutgifter	63 465	63 215	63 215	63 215
Finansutgifter i tenesteområda	2 103	5 951	9 196	10 388
Total finansutgifter	65 567	69 166	72 410	73 602
Motpost avskrivningar	-23 344	-23 344	-23 344	-23 344

Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Avsetning til bundne driftsfond	612	612	612	612
Bruk av bundne driftsfond	-1 604	-600	-600	-600
Avsetning til disposisjonsfond	15 396	8 490	0	0
Netto avsettingar	14 404	8 502	12	12
Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	-2 376	-927	-4 548	-3 767
Totale avsettingar	12 028	7 575	-4 535	-3 754

Investeringar i økonomiplanen

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2024-27
	2024	2025	2026	2027	
Investeringsprosjekt					
Politisk og administrasjon					
Kjøpe, renovere eller bygge nytt rådhus	0	0	0	1 000	1 000
Oppgradering dagens rådhus	3 950	0	500	500	4 950
Oppgradering Ulstein kyrkje 2026-2028	0	0	4 375	0	4 375
Sum Politisk og administrasjon	3 950	0	4 875	1 500	10 325
Oppvekst og kultur					
Forprosjekt utbygging Almejordet barnehage	625	0	0	0	625
IKT-utstyr i skulane	625	312	312	312	1 562
Turveg Osberget	875	0	0	0	875
Sum Oppvekst og kultur	2 125	312	312	312	3 062
Helse og omsorg					
Bilar omsorg - utskifting fra leasing til kjøp	0	1 600	0	0	1 600
Helseplattformen	0	30 488	0	0	30 488
Velferdsteknologi	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Sum Helse og omsorg	1 000	33 088	1 000	1 000	36 088
Teknisk etat					
Bil grøntanlegg	0	0	812	0	812
Brøyteutstyr	625	313	625	0	1 563
Flykartlegging	0	0	0	250	250
Hjullastar - Lundberg	0	2 500	0	0	2 500
Innkjøp batteridrevet redningsverktøy	625	0	0	0	625
Ny Gravplass - grunnerverv/arkeologi	0	2 500	0	0	2 500
Ny lastebil	500	0	0	0	500
Oppgradering av kommunale vegar	5 000	5 000	3 750	3 750	17 500
Oppmålingsbil	350	0	0	0	350
Sikring av gravplassar på Osnes og Ulstein	750	0	0	0	750
Stigebil/lift	6 000	0	0	0	6 000
Tomtekjøp	9 000	0	0	0	9 000
Saunesmarka					
Trafikktryggingstiltak	1 750	3 750	4 750	0	10 250
Sum Teknisk etat	24 600	14 063	9 938	4 000	52 600
Sum	31 675	47 464	16 125	6 812	102 076

Økonomiplan for 2024-2027

Sjølvkost

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum 2024-27
	2024	2025	2026	2027	
Teknisk etat					
Investering avløp	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Investering vann	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
Sum Teknisk etat	8 000	8 000	8 000	8 000	32 000
Sum	8 000	8 000	8 000	8 000	32 000

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Investeringar i varige driftsmidlar	39 675	55 464	24 125	14 813
Avdrag på lån	0	3 000	2 400	2 000
Sum finansieringsbehov	39 675	58 464	26 525	16 813
Kompensasjon for meirverdiavgift	-3 165	-9 173	-3 125	-1 313
Tilskot frå andre	-900	-7 450	-2 300	0
Sal av varige driftsmidlar	0	-3 000	-2 000	-2 000
Bruk av lån	-35 610	-44 391	-19 100	-13 500
Vidareutlån	16 000	6 000	6 000	6 000
Bruk av lån til vidareutlån	-16 000	-6 000	-6 000	-6 000
Avsettingar til ubunde investeringsfond	0	5 950	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	-400	0	0
Sum finansiering	-39 675	-58 464	-26 525	-16 813
Sum finansieringsbehov	39 675	58 464	26 525	16 813
Sum finansiering	-39 675	-58 464	-26 525	-16 813
Udekt finansiering	0	0	0	0

Samanlikne investeringsnivå mot økonomiplan i fjar

Beløp i 1000

Investeringar i varige driftsmiddel	2023	2024	2025	2026	2027	Sum
Vedtatt økonomiplan 2023-2026						
Ulstein	33 590	46 238	10 100	12 875		102 803
Ny økonomiplan 2024-2027						
Ulstein	39 675	55 464	24 125	14 813		134 076


Status og rammevilkår

Rammetilskot og skatt

Grunnlaget for utrekning av rammetilskotet er innbyggartalet per 1. juli 2023. For budsjettåret 2024 vil det vere folketalet per 1. januar 2024 som gjeld for utrekning av gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggar og dermed også for inntektsutjamninga.

Med omsyn til skatteanslaget for økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein skatteinngang per innbyggar på 92 prosent av landssnittet og ein folketalsvekst på 26 andre halvår 2023 (8 908 innbyggjarar per 1. januar 2024).

Utviklinga i skatteinntekta per innbyggar hittil i år målt mot landssnittet har gjennom heile året vore til dels betydeleg svakare enn tidlegare år. Sjå figuren under:



Ut frå dei førebelse fordelingstala for Ulstein for inntektsåret 2022, ser det ut til at omfordelinga av skatteinntektene som finn stad når skatteoppgjeret er klart mellom dei fire skattekreditorane (kommune, fylke, stat og folketrygd), vil slå negativt ut for Ulstein. Det er difor venta at Ulstein kjem ut med ei skatteinntekt på om lag 90 prosent av landssnittet per innbyggar for 2023. Ein kommune på storleik med Ulstein vil tape i underkant av 1,4 millionar kroner for kvart prosentpoeng vi sakkar akterut i høve landssnittet. Det er difor eit inntektstap på om lag 38,5 millionar kroner i forhold til inntektsnivået som Ulstein hadde i 2014 (sjå figuren over).

Samanlikna med økonomiplanen for 2023–2026 er det ein samla auke i skatt og rammetilskot på 51,422 millionar kroner for 2024. Dei endelege rammene for rammetilskotet er ikkje avklart før budsjettvedtaket er gjort før jul i Stortinget.

Økonomiplan for 2024-2027

Eigedomsskatt vart innført i Ulstein kommune i 2018 med ein sats på 2 promille. Frå og med 2020 vart det vedteke å redusere eigedomsskattesatsen til 1,75 promille. I kommunedirektøren si tilråding ligg det inne eit forslag om å auke satsen til 2,25% i 2026 og 2,75% i 2027. Budsjettet inntekt frå eigedomsskatten i 2024 er 14,5 millionar kroner.

Innbyggartilskot

Tilskot per innbyggar før utgiftsutjamning er 29 832 kroner i 2024. Innbyggartalet som er lagt til grunn er talet per 1. juli 2023 (8 882). [Regjeringa har meir informasjon om dette.](#)

Utgiftsutjamning

(justering ut frå kor kostnadskrevjande det er å drifta kommunen)

Denne delen av rammetilskotet vert rekna ut frå variablar som mellom anna går på alderssamansetning, nokre sosioøkonomiske kriterium, talet på psykisk utviklingshemma, reisetid til sentrum med meir. Ulstein kommune sin del i det enkelte kriteriet vert vekta opp mot landssnittet. Ligg vi over snittet vert vi kompensert, ligg vi under snittet vert vi trekt. I 2024 ligg kostnadsindeksen på 1,0344, mens den låg på 1,0174 for 2023. Dette gjer at kompensasjonen vert auka frå 9 550 000 i 2023 til ein kompensasjon på 19 849 150 i 2024. Det som dreg opp for Ulstein i 2024 er aldersgruppene frå 0 til 22 år (spesielt aldersgruppa 16–22 år), i tillegg til kriteria Basistillegg/Innvandrar 6–15 år utanom Skandinavia/PU over 16 år/Barn 1 år utan kontantstøtte/80–89 år. På dei andre kriteria ligg vi under snittet, men totalt sett har vi eit større utgiftsbehov per innbyggar enn landssnittet slik det vert rekna ut etter inntektssystemet (sjå tabellen under):

ULSTEIN kommune

Beregning av utgiftsbehov - tillegg/trekk i kroner for år **2024**
(utgiftsutjevnede tilskudd)

2024-prisnivå for årene 2025-2027

	HELE LANDET		ULSTEIN Utgifts- behovs- indeks		Bruk av folketall 1.7.2023		
	Vekt	Antall	Antall	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsu kr per innb	1000 kr	
0-1 år	0,0058	107 155	206	1,1935	0,11 %	73	6
2-5 år	0,1348	227 495	391	1,0670	0,90 %	586	52
6-15 år	0,2527	644 583	1 120	1,0787	1,99 %	1 291	11 4
16-22 år	0,0241	456 837	828	1,1252	0,30 %	196	1 7
23-66 år	0,1081	3 173 134	4 912	0,9610	-0,42 %	-273	-2 4
67-79 år	0,0605	653 532	1 022	0,9708	-0,18 %	-115	-1 0
80-89 år	0,0806	205 264	333	1,0071	0,06 %	37	3
over 90 år	0,0403	46 056	70	0,9436	-0,23 %	-148	-1 3
Basistillegg	0,0163	275	0,5683	1,2831	0,46 %	299	2 6
Sone	0,0103	21 599 834	23 163	0,6657	-0,34 %	-223	-1 9
Nabo	0,0103	9 877 360	14 900	0,9365	-0,07 %	-42	-3
Landbrukskriterium	0,0019	1	0,0010	0,6299	-0,07 %	-46	-4
Innvandrere 6-15 år ekskl Skand	0,0067	54 481	120	1,3674	0,25 %	160	1 4
Flyktninger uten integreringstils	0,0078	183 480	183	0,6192	-0,30 %	-193	-1 7
Dødlighet	0,0474	41 670	60	0,8939	-0,50 %	-326	-2 8
Barn 0-15 med enslige forsørger	0,0168	149 356	193	0,8022	-0,33 %	-216	-1 9
Lavinntekt	0,0105	257 338	331	0,7985	-0,21 %	-137	-1 2
Uføre 18-49 år	0,0060	124 228	161	0,8046	-0,12 %	-76	-6
Opphopningsindeks	0,0088	118	0,1322	0,6976	-0,27 %	-173	-1 5
Aleneboende 30 - 66 år	0,0180	515 435	658	0,7925	-0,37 %	-242	-2 1
PU over 16 år	0,0507	20 482	52	1,5761	2,92 %	1 895	16 8
Ikke-gifte 67 år og over	0,0474	398 431	564	0,8788	-0,57 %	-373	-3 3
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0163	43 634	95	1,3528	0,58 %	373	3 3
Innbyggere med høyere utdanni	0,0179	1 567 840	2 324	0,9202	-0,14 %	-93	-8
1 Kostnadsindeks	1,0000		1,03444	3,44 %		2 235	19 8
(Tillegg/trekk kr pr innb.)					Alle tall i 1000 kr		
2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr						19 849	
3 Nto.virkn. statl/priv. skoler							3 556
4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)							23 405
Gjennomsnittlig beregnet utgiftsbehov i kr pr innbygger:							64 893

Ser vi på korleis utgiftsutjamninga har endra seg det siste året etter sektorområda i inntektssystemet, er dreininga dei siste åra frå grunnskule over mot pleie og omsorg ikkje like markant som for perioden 2016–2022 (sjå under):

Dokumentasjon av utgiftsutjamninga 2024 (og endring 2023-24) fordelt på sektorområde

Ulstein	2024			Endring 2023-2024	
	Sektorvekt (landet)	Utgifts- behovs- indeks	Tillegg/trekk i utgiftsutjamn.. (1000 kr)	Utgifts- behovs- indeks	Tillegg/trekk i utgiftsutjamn. (1000 kr)
Barnehage	15,68 %	108,00 %	7 231	3,43 %	3 241
Administrasjon	7,83 %	102,45 %	1 108	-0,06 %	9
Landbruk	0,19 %	62,99 %	-406	1,95 %	33
Grunnskule	24,10 %	107,94 %	11 022	1,84 %	2 493
Pleie og omsorg	36,07%	104,33 %	9 006	1,44 %	3 512
Kommunehelse	6,73 %	101,18 %	459	-0,10 %	62
Barnevern	4,07 %	89,99 %	-2 349	0,63 %	324
Sosialtjeneste	5,33 %	79,84 %	-6 196	1,57 %	646
Kostnadsindeks	100,00 %	103,44 %	19 849	1,70 %	10 299

Kompensasjonsauken innan grunnskule kjem av auka tilflytting av flyktninger i grunnskulepliktig alder. Mange av dei sosioøkonomiske kriteria i inntektssystemet nyttar tal per 1.januar. Utgiftsbehovet innan sosialtenestene vert altså ikkje endra ved endringar i kriteria i inneverande år, og må difor tolkast med varsemd.

Inntektsgarantiordninga (INGAR)


Inntektsgarantiordninga skal sikre enkeltkommunar mot brå nedgang i rammetilskotet frå eit år til eit anna. Ordninga sikrar at ingen kommunar får ein vekst i rammetilskotet per innbyggjar som er mindre enn 400 kroner under veksten på landsbasis. På landsbasis var veksten i rammetilskot per innbyggjar frå 2023 til 2024 962 kroner, mens Ulstein fekk ein vekst per innbyggjar på 2 314 kroner. Ulstein får difor ikkje tilført noko gjennom INGAR i 2024.

Skjønnstilskot

Skjønnstilskotet vert brukt til å kompensere kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje vert fanga opp i den ordinære delen av inntektssystemet. For 2024 vert Ulstein tildelt 2 600 000 kroner for barnevern (900 000), særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar (1 400 000) og 300 000 etter ei generell vurdering. Samanlikna med 2023 er det ein auke i skjønnstilskotet på 392 000.

Inntektsutjamning

Det skjer ei inntektsutjamning gjennom rammetilskotet der kommunar som ligg under landsgjennomsnittet i skatt per innbyggjar vert kompensert opp mot landssnittet. Kommunar med inntekt over landssnittet vert trekt 60 prosent av meirinntekta. I tillegg får alle kommunane eit trekk for å finansiere ordninga med ekstra 35 prosent kompensasjon opp til 90 prosent av landssnittet (sjå illustrasjonen under):



Det er budsjettert med at Ulstein får tilført 12 627 000 gjennom inntektsutjamninga i 2024.


Avkastning og aksjeutbytte

Det er lagt inn ei forventa avkastning på plassering av langsiktig og kortsiktig likviditet på 11,153 millionar kroner. Kortsiktig likviditet vert plassert i bank hos hovudbanken (for tida Sparebank 1 SMN), mens langsiktige midlar er til aktiv forvaltning hos Odin Forvaltning. I økonomiplanperioden er det budsjettert med ei inntekt frå Ulstein Fjernvarme AS for leige av infrastruktur på 0,6 millionar kroner per år. I gjeldande avtale med Ulstein Fjernvarme AS er leigekostnaden knytt til den økonomiske utviklinga i selskapet.

Lånegjeld, renter og avdragsutgifter


Ulstein kommune si lånegjeld ved utgangen av september 2023 er på 649,1 millionar kroner. Samla lånegjeld for konsernet er på 1 571,8 millionar kroner. Målt per innbyggjar eller opp mot kommunen si inntekt er dette svært høgt. Sjå elles grafen under for utviklinga i netto lånegjeld (langsiktig lånegjeld minus lån til vidare utlån og unytta lånemidlar) for perioden 2010–2022:

Netto lånegjeld, konsern (tal i mill.kr.)



I perioden frå 2011–2022 har netto rente- og avdragsbelastning for konsernet auka frå 28,86 millionar kroner i 2011 til 82,34 millionar kroner i 2022. Målt i prosent av brutto driftsinntekter for konsernet har rente- og avdragsbelastninga auka frå 5,95 prosent i 2011 til 9,50 prosent i 2022 (sjå figuren under):

Netto renter og avdrag i % av brutto driftsinntekt (konsern)



I økonomiplanperioden er det budsjettert med eit låneopptak på 73,2 millionar kroner i kommunekassa (250,9 millionar kroner i konsernet) når det vert justert for forventa tilskot frå Husbanken. I tillegg kjem låneopptak på 34 millionar kroner til formidlingslån og 32 millionar kroner til investeringar innan sjølvkostområdet. Dei investeringane det er knytt størst låneopptak til på konsernnivå er nye omsorgsbustadar (90,8 millionar kroner), ny barnehage (55,4 millionar kroner) og Helseplattforma (24,4 millionar kroner).

Renter

Vekta gjennomsnittsrente for Ulstein kommune per september 2023 er 3,87 prosent. Kommunen har langsiglig rentesikring (utover eit år) på 22,4 prosent av gjelda per september 2023. Vekta rentebindingstid er 0,45 år. For eigedomsselskapet er vekta gjennomsnittsrente 3,36 %, mens 71,3 % av låna har bindingstid utover eit år og vekta rentebindingstid er 5,65 år.

Avdrag

Ulstein kommune betaler avdrag etter minsteavdragsprinsippet. Minsteavdraget vert rekna ut etter prosentvis avskriving i høve til bokført verdi og ganga opp med netto lånegjeld. Minsteavdraget for 2024 er budsjettert til 26,6 millionar kroner i kommunekassa.

Avdrag for Ulstein Eigedomsselskap KF vert budsjettert i selskapet sitt budsjett. For 2024 er det budsjettert med 30,3 millionar kroner i minsteavdrag.

Minsteavdrag i 2024 er rekna ut frå balanseverdiar per 1. januar 2023. Det er difor eit visst etterslep før investeringar slår ut med full verknad i minsteavdraget.

Eksponering gjeld og renterisiko

Ulstein har den fjerde høgste netto lånegjelda i Noreg målt i prosent av brutto driftsinntekter med 161,8 prosent. Snittet for Møre og Romsdal er på 113,1 prosent, mens den for landet er på 88,1 prosent.

Ei slik høg eksponering stiller krav til rentesikring. Det vart gjennomført ei omfattande rentesikring i eigedomsselskapet og kommunen for nokre år sidan. I tillegg vart det i 2019 inngått tre nye rentebytteavtalar med framtidig oppstart på til saman 427 millionar kroner. Dette gjer at store deler av gjelda er rentesikra godt ut over økonomiplanperioden. Ved utgangen av september 2023 er det rentesikra gjeld for 823,1 millionar kroner. Vekta snittrente for denne gjelda utgjer 2,45 prosent. Rentesikring vil normalt auke rentekostnaden, men avgrense kostnaden ved ei brå rentestigning slik vi har sett dei siste par åra. Høg gjeld gir også utfordringar med at ein stor del av driftsinntektene går til renter og avdrag. Dette stiller høge krav til kostnadseffektiv drift i kommunen.

Økonomiske styringsindikatorar

Kommunestyret vedtok i mars 2018 følgande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala/få ned lånegjelda:

- Netto driftsresultat skal minimum vere 1,75 prosent av driftsinntektene etter råd frå TBU
- Driftsfondet skal byggast opp til 7,5 prosent av brutto driftsinntekt, det vil sei om lag 65 millionar kroner
- Minimum 20 prosent eigenkapital for lånefinansierte investeringar der driftsinntektene ikkje dekker driftskostnadar og renter/avdrag frå første fulle driftsår
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år


I kommunestyremøtet september 2023 vart det i saka om 10-årig investeringsplan lagt til grunn at ramma for prioritering av nye investeringar vart sett til maksimalt 400 millionar i nye låneopptak for perioden 2024–2033 (ikkje medrekna lån knytt til sjølvkostområdet og formidlingslån). I tillegg vart det satt eit mål for nedbetaling av gjeld i 10-årsperioden på 200 millionar kroner.

Dessverre stetter heller ikkje i år kommunedirektøren sitt budsjettframlegg kravet om at netto driftsresultat minimum skal vere 1,75 prosent av driftsinntektene. Reduserte skatteinntekter målt opp mot landssnittet, høg utgiftsvekst innan pleie- og omsorgssektoren og svært høg rente- og avdragsbelastning sett opp mot inntekta er blant dei mest sentrale årsakene.

På konsernnivå utgjorde disposisjonsfondet 6,3 prosent av driftsinntektene ved inngangen til 2023, og det mangla difor 10,5 millionar kroner for å stette kravet om at driftsfondet skal utgjere 7,5 prosent av brutto driftsinntekt. Det er i økonomiplanperioden på konsernnivå budsjettet med ei samla avsetting til disposisjonsfondet på om lag 9,4 millionar kroner, slik at det er lite truleg at vi når dette målet i løpet av dei neste fire åra.

Forventa gjeldsutvikling

Figuren under illustrerer forventa gjeldsutvikling i økonomiplanperioden og dei komande 10 åra når det vert sett vekk frå formidlingslån og sjølvkostområdet:



I figuren over er det ikke tatt omsyn til ekstraordinære avdrag som følge av tomtesal på Skeide eller tippemiddeltildeling frå fylket for Ulstein Arena, sidan det er knytt stor usikkerheit til når desse inntektene kjem.

Pensjon

Samla pensjonskostnad er i kommunekassa for 2024 budsjettet til 47,3 millionar kroner (medrekna estimert gevinst ved byte av pensjonsleverandør). Det er sett av 10,7 millionar kroner til kostnadsføring (amortisering) av tidlegare års premieavvik. Premieavviket er skilnaden mellom det beløpet kommunen må betale til KLP/SPK og den pensjonskostnaden kommunen skal registrere i rekneskapen. Premieavviket er dermed betalt, slik at det belastar likviditeten, men ikkje ført som kostnad i kommunerekneskapen.

Ved utgangen av 2022 var det samla premieavviket 27,1 millionar kroner. I 2023 vil tidlegare års premieavvik verte kostnadsført med om lag 6,2 millionar kroner (eksklusive arbeidsgivaravgift).

Tilleggsløyving

Avsetting til tilleggsløyving er 550 000 kroner for 2024. Det er formannskapet som disponerer denne posten. I tillegg er det sett av 50 000 kroner til tildeling til lag og organisasjonar etter søknad. Vedtak om fordeling er lagt til levekårsutvalet.

Driftsfond og kapitalfond

Kapitalfondet er redusert til 9,7 millionar kroner ved inngangen til 2023. Bruken av kapitalfondet til å eigenkapitalfinansiere investeringar har redusert fondet med 35,9 millionar kroner i perioden 2019 til 2022, med tilhøyrande svekking av likviditeten. Det vert ikkje vurdert som tilrådeleg å svekke fondet ytterlegare.

Driftsfondet i kommunekassa er på 50,7 millionar kroner ved inngangen til 2023. I UEKF utgjer driftsfondet 3,8 millionar kroner. For 2023 er det til dels betydelege budsjettoverskridinger innan enkelte område, og høgst truleg vert disposisjonsfondet redusert på konsernnivå. Økonomiplanperioden sett under eitt er det på konsernnivå budsjettert med ei samla avsetting til disposisjonsfondet på 9,4 millionar kroner. Med den høge gjelda Ulstein kommune har, burde kommunen ideelt sett bygge opp eit større driftsfond enn andre kommunar for å sikre seg mot endringar i rentenivået.

Likviditet

I 2023 vil betalte pensjonspremiar utgjere om lag 82 millionar kroner i kommunekassa. Dette, i kombinasjon med bruk av kapitalfondet til eigenkapitalfinansiering av investeringar og underskot i drifta, har svekka likviditeten. I kommunekassa er det ein langsiktig portefølje på om lag 51 millionar kroner til aktiv forvaltning som heilt eller delvis kan verte trekt inn etter behov.

Klimabudsjett

Vedtak i Ulstein formannskap, 30. januar 2023: "Ulstein formannskap meiner at kommunen per i dag ikkje har tilstrekkeleg grunnlag til å lage eit klimarekneskap. Ulstein formannskap ber om at administrasjonen gjer ei vurdering om det kan leggast fram eit klimabudsjett knytt til budsjett- og økonomiplan for 2024–2027."

Kva er eit klimabudsjett?

Klimabudsjettet skal verte eit styringsverktøy for kommunen i arbeidet med å utvikle eit klima- og miljøklokta lokalsamfunn. Korleis kan vi gjere det enkelt å bu, arbeide, drive næring og leve på ein meir klima- og miljøvennleg måte? Heile Ulsteinsamfunnet må med om vi skal klare å nå måla om utsleppskutt.

I Ulstein kommune sitt første klimabudsjett vert det presentert statistikk over klimautsleppa i dag. Målet er at vi framover skal presentere dei klimatiltaka som har størst potensial til å redusere kommunen sine klimagassutslepp i planperioden. Budsjettet vil vise eventuelle kostnadar og utsleppsreduksjon knytt til kvart tiltak – der det er mogleg.

Tiltaka i klimabudsjettet vil verte revidert årleg gjennom arbeidet med økonomiplanen på lik linje som "vanlege" økonomi-driftstiltak.

Om klimaarbeid i Ulstein kommune

Klimaforandringar er vår tids største utfordring. Noreg har gjennom Parisavtalen forplikta seg til å føre ein klimapolitikk som tek ned dei globale utsleppa. Målet er å unngå at temperaturen stig meir enn 2 grader, og gjere alt vi kan for å unngå 1,5 grader oppvarming. For å oppnå dette har Stortinget vedteke nasjonale mål om å redsuere klimagassutsleppa med minst 50–55 prosent innan 2030, samanlikna med 1990-nivå. På lang sikt skal Noreg vere eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Dette vil krevje stor innsats frå både det offentlege, næringslivet og kvar einskild innbyggjar.

Gjennom [berekraftsfylket Møre og Romsdal](#) har Ulstein kommune i lag med [dei andre kommunane](#) i fylket forplikta seg til å arbeide med berekraftsmåla. I lag med resten av fylket har [kommunen kartlagt berekrafta si gjennom eit globalt system utarbeidd av FN](#). Denne kartlegginga omfattar også sosial og økonomisk berekraft og ikkje berre klimadelen.

Klimastatistikk

Kommunen sine tal for direkte utslepp er henta i frå [Miljødirektoratets klimautsleppsstatistikk](#). Statistikken er utvikla av Miljødirektoratet i samarbeid med Kommunesektorens organisasjon (KS) og Statistisk sentralbyrå (SSB). Statistikken gir samanliknbare tal frå 2009.


Statistikken viser dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor kommunen si geografiske grense. Til dømes vil gjennomgangstrafikk på fylkesvegane vere ført på Ulstein kommune. Flyreiser som innbyggjarane våre tek, er ikkje med i vår statistikk. Utslepp som fysisk skjer i utlandet vil heller ikkje vere med i den kommunefordelte rekneskapen.

Økonomiplan for 2024-2027

Klimagassane CO₂, metan (CH₄) og lystgass (N₂O) er inkludert i rekneskapen. Utsleppstala vert vist med CO₂-ekvivalentar (CO₂e), der klimaeffekten av metan og lystgass er gjort om til CO₂.

Sektorfordelte utslepp per år for Ulstein kommune

Utsleppa på denne oversikta er fordelt på ni sektorar og viser kor mange CO₂-ekvivalentar som vert sleppt ut.



Sjøfart


Det er sjøfart som har størst CO₂-utslepp i Ulstein kommune. Dette gjeld utslepp frå all sjøfart i kommunen – og inkluderer gjennomfartstrafikk og skip som seglar innanfor kommunegrensene utan å stoppe ved ei hamn i kommunen. Det er Kystverket som har rekna ut desse dataa. Dei nyttar informasjon om skipsrørsler som vert henta frå Automatisk Identifikasjonssystem (AIS)-transponderar. Denne er igjen kopla med skipsspesifikk informasjon som er henta frå skipsdatabasar. Meir informasjon om utrekning finn du i eige [metodenotat](#).

NB: På grunn av manglande datagrunnlag for 2009, 2011 og 2013, er utsleppet desse åra sett likt utsleppa i 2015. Frå 2015 til 2016 fekk mange kommunar ein auke i utslipp frå sjøfart. Denne skuldast i stor grad auka utslepp i hamn for offshore forsyningsskip, andre offshoreskip og andre aktivitetar der mobile riggar inngår.

Økonomiplan for 2024-2027

Per januar 2023 ligg det ikke føre metodikk for å fange opp bruk av landstraum og ladestraum i statistikken. Ser vi nærmere på korleis utsleppa frå sjøfart uttar seg, ser det slik ut:


Det er spesielt cruiseskip og passasjerskip som står for utsleppa.



Vegtrafikk

Den andre store sekoren som står for utslepp, er utslepp frå vegtrafikk. Ser vi nærmare på statiskken, ser vi at utsleppa frå personbilar gradvis har vorte redusert dei siste åra. Dette heng mest truleg saman med utskifting av bilpark frå fossildrivne bilar til hybrid- og el-bilar.

Utslepp knytt til produksjon av meir energivennlege bilar er ikkje med i kommunestastikken.



Om klimabudsjettet

Klimabudsjettet til Ulstein kommune vil etter kvart inkludere klimatiltak som reduserer både direkte og indirekte klimagassutslepp. Klimabudsjettet vil etter kvart også inkludere eksterne tiltak som andre aktørar gjennomfører og som er forventa å gi stor utsleppsreduksjon.

Klimabudsjettet skal vise i kva grad ulike tiltak er med på å redusere klimagassutslepp.

Tiltaka i klimabudsjettet er fordelt innanfor følgande utsleppskategoriar:

- **Direkte utslepp:** Tiltak som gir direkte utsleppskutt i Ulstein kommune
- **Eksterne tiltak:** Tiltak som andre aktørar er ansvarlege for, og som kan påverke utsleppskutt i Ulstein kommune
- **Ikkje-kvantifiserbar utsleppsreduksjon:** Tiltak som ikkje bidreg til kvantifiserbar utsleppsreduksjon. Tiltaket er likevel viktig for å legge til rette for klimagassreduksjon på sikt.
- **Indirekte utslepp:** Tiltak som bidreg til utsleppskutt som finn stad utanfor Ulstein kommune

Tiltaka i klimabudsjettet kan bidra til klimagassreduksjon på kort og lang sikt. Nokre tiltak vil redusere dei direkte utsleppa i kommunen, medan andre vil redusere kommunen sine indirekte utslepp. Døme på eit direkte utslepp er bilkøyring innanfor Ulstein kommune sine grenser. Indirekte utslepp kan vere kommunale innkjøp der produksjonen har ført til forbruk av energi og utslepp på produksjonsstaden utanfor kommunen.

Dette er første året med klimabudsjett, og vi vil framover jobbe med å utvikle dette. Det er viktig å seie at utsleppsreduksjon rapportert her er estimert, og at avvik vil skje. Andre samfunnseffektar utanfor kommunen sine grenser kan også påverke den årlege utsleppsreduksjonen (eller auken). Tiltak som fylkeskommunen eller statlege aktørar gjer, vil også påverke utsleppa i kommunen – til dømes innanfor fly og sjøfart.

Klimastatistikk

Klimatiltak med i økonomiplanen

Direkte utslepp

Redusjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar
Beløp i 1000 kr

Klimatiltak	Totalkostnad	Sektor	Kjelde	Ikkje-kvantifisert effekt	Reduksjon 2024	Reduksjon 2025	Reduksjon 2026	Reduksjon 2027
			2024-2027					
Utskifting av bilpark	0	Vegtrafikk	Personbilar	Medium	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum	0				0,0	0,0	0,0	0,0

Økonomiplan for 2024-2027

Ønska tiltak

Direkte utslepp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar
Beløp i 1000 kr

Klimatiltak	Totalkostnad Sektor 2024-2027	Kjelde	Ikkje- kvantifisert effekt	Reduksjon 2024	Reduksjon 2025	Reduksjon 2026	Reduksjon 2027
Solceller på omsorgsbustadar	0 Energiforsyning	Fossil oppvarming	Lav	10,0	10,0	10,0	10,0
Utskifting av LED-lys	0 Energiforsyning	Bygg og anlegg	Ikkje satt	0,0	0,0	0,0	0,0
El-bil og el-sykkel ladestasjonar og parkering nye omsorgsbustadar	0 Vegtrafikk	Personbilar	Ikkje satt	25,0	25,0	25,0	25,0
Ladestasjonar for elbil	200 Vegtrafikk	Personbilar	Lav	0,0	0,0	0,0	0,0
Sykle til jobben-aksjon	0 Vegtrafikk	Personbilar	Ikkje satt	1,6	1,6	2,0	2,0
Sum	200			36,6	36,6	37,0	37,0

Indirekte utslepp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar
Beløp i 1000 kr

Klimatiltak	Totalkostnad Sektor 2024-2027	Kjelde	Reduksjon 2024	Reduksjon 2025	Reduksjon 2026	Reduksjon 2027
Lenger levetid på hjelpemiddel	800 Innkjøp	Annet	0,0	0,0	0,0	0,0
Analyse av trafikk	0 Miljøleiing	Personbilar	0,0	0,0	0,0	0,0
Trafikktryggingstiltak	800 Vegtrafikk	Personbilar	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum	1 600		0,0	0,0	0,0	0,0

Kommunen sine tenesteområde

Politisk og administrasjon

Kommunalsjef Monica Cecilie Torp

Litt om oss

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektørkontoret og kommunedirektøren sine stabsfunksjonar som er fordelt på tre etatar:

- organisasjon og utvikling
- personal
- økonomi

Sentraladministrasjonen utfører støtte- og fellesstenester for heile organisasjonen. Vi leverer også støtte- og fellesstenester til Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) og Ulstein sokn.

Sentraladministrasjonen har ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring.

Tenesteområdet har eit særleg ansvar for å legge til rette for innbyggardialog og samskaping i lokalsamfunnet. Overordna ansvar for digital transformasjon, sikkerheit og beredskap, arkiv, kommunikasjon, internkontroll, personvern, strategiutvikling og kommunalt planarbeid er også lagt til eininga.

Tenesteområdet har 20 årsverk og arbeidsstad i Ulstein rådhus.

Mål for 2024

Vi jobbar heile tida for å nå måla våre, som er å

- vere ein berekraftig kommune
- vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad
- vere ein kvalitetsbevisst organisasjon og tenesteleverandør
- vere ein nyskapande organisasjon
- involvere og engasjere

Aktivitet

I 2024 har vi fleire store prosjekt og oppdrag – i tillegg til den vanlege drifta vår.

Større prosjekt og oppdrag

- **Arbeidsplasskonsept og nytt administrasjonslokale:** Vi skal finne ut kva arbeidsplasskonsept som er rett for våre administrativt tilsette.
- **Ein digital kommune:** I 2023 vart det gjennomført ei evaluering om korleis kommunane på Søre Sunnmøre jobbar med digital transformasjon. Rapporten foreslo mange tiltak som vil krevje mykje engasjement og endringsvilje i kommunen for å lykkast.
- **Etablere Dighjelpen:** Digitalt utanforsk er ei aukande utfordring i samfunnet. Opp mot 18 prosent er rekna som digitalt utanforståande i dag. Gjennom å etablere eit dighjelp-tilbod, gjere informasjon tilgjengeleg, og ha eit godt og klart språk som er tilpassa brukargruppa, har vi som mål å redusere dette talet i Ulstein.
- **Trygg og god styring:** Vi skal ha trygg og god økonomistyring. Gjennom internkontrollarbeidet skal vi ha ei strukturert og risikobasert styring.
- **Bruke teknologi og nye arbeidsmåtar for å betre og utvikle tenestene våre:** Dei siste åra har vi innført mange nye IT-system. Dette har vore krevjande for både sentraladministrasjonen, som har vore ansvarleg for innføring, og for dei tilsette ute i organisasjonen som har fått endra arbeidsrutinane sine. Vi vil halde fram med arbeidet om å verte trygge og effektive i dei nye løysingane, og vidareutvikle moglegitene dei nye løysingane gir oss.
- **Sikkerheit og personvern:** Trusselbildet i samfunnet aukar. Dette krev sikkerheitskompetanse hos våre tilsette, og legg føringar på dei digitale løysingane våre. Kommunen forvalter mykje informasjon og data om innbyggjarane. Dette må vi forvalte på ein trygg og sikker måte.
- **GI innbyggjarane gode møte med kommunen:** Vi skal gi innbyggjarane våre gode møte med kommunen. Innbyggjarane skal verte møtt med respekt og eit smil. Vi skal vere profesjonelle, høflege og serviceorienterte. Dei som treng hjelp, skal få hjelp på best mogleg måte. Vi skal jobbe for at all skriftleg kommunikasjon vert forstått av mottakar, i samsvar med språklova.
- **Vere opne og tilgjengelege:** Ulstein kommune har vore høgt på Åpenhetsbarometeret dei siste åra. Vi skal alltid jobbe for å ha informasjon tilgjengeleg og forståeleg. Det skal vere lett å kome i kontakt med oss.
- **Heiltidskultur:** Heiltidskultur er eit viktig verkemiddel for å få ned sjukefråvær og betre tenestene våre.
- **Leiarutvikling:** Leiarsamling og leiropplæring i samlingar og med hyppig oppfølging.
- **Rekruttering og kompetanseutvikling**

Økonomiplan for 2024-2027

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	52 427	52 717	51 385	51 385
Sum Lønns- og prisvekst	14 356	14 356	14 356	14 356
Konsekvensjusteringer	14 356	14 356	14 356	14 356
Konsekvensjustert ramme	66 783	67 073	65 741	65 741
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
Endring av tiltak Ordning av arkiv IKA	-250	-250	250	250
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	-250	-250	250	250
Nye tiltak				
Ekstern analyse effektivisering og innsparing	500	0	0	0
Estimert gevinst ved bytte av pensjonsleverandør	-3 100	-3 100	-3 100	-3 100
Husleige venterom busshaldeplass	140	140	140	140
Innføring av Kaukus - innkalling og gjennomføring politiske møte	40	40	40	40
Justering husleige til UEKF	-0	-0	-0	-0
Microsoft lisensar	1 800	1 800	1 800	2 000
Ny avtale Ulstein sokn	1 100	1 100	1 100	1 100
Reversering innsparingstiltak/auka kapasitet stab	1 500	2 000	2 000	2 000
Tilbakeføring innsparingstiltak UEKF	1 500	1 500	1 500	1 500
Sum Nye tiltak	3 480	3 480	3 480	3 680
Nye tiltak og realendringer	3 230	3 230	3 730	3 930
Sum Interne rammeendringer	-9 397	-9 397	-9 397	-9 397
Interne rammeendringer	-9 397	-9 397	-9 397	-9 397
Ramme 2024-2027	60 615	60 905	60 073	60 273

Ikkje prioriterte driftstiltak

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Forprosjekt Nye administrasjonslokale	200	0	0	0
Ny stilling ved lønn og personalavdelinga	700	700	700	700
Oppdatering av grafisk profil	150	0	0	0
Reversering innsparingstiltak	500	500	500	500
Valgjennomføring - Røysteutstyr, bemannning,	320	0	320	0
Sum	1 870	1 200	1 520	1 200

Nye tiltak

Forprosjekt nye administrasjonslokale

Kommunestyret har løyvd 200.000 til forprosjekt nye administrasjonslokale – kommunestyremøte 14.09.2023.

Ulstein kommunestyre løyver 200 000 kroner frå disposisjonsfondet til vidare konseptutgreiing, og gir prosjektgruppa mynde til å jobbe vidare med planlegging av framtidas rådhus for å avklare:

- arbeidsplasskonsept
- aktuelle brukarar (leigetakrar)
- funksjonar som skal ligge i rådhuset (t.d. møtelokale)

Ny stilling ved lønn og personalavdelinga

Ny stilling som konsulent/rådgivar. Løn og personalavdelinga har i dag for lite kapasitet til å sikre trygt og sikkert arbeid med lønn, pensjon og forsikring. Med ein tredje pensjonsleverandør, vil det bli meir arbeid for personalavdelinga. Organisasjonen er i vekst og endring med fleire tilsette, fleire leiarar og avdelingar som skal servast. Leiarar, tilsette og samarbeidspartar treng tilgjengelege og kompetente fagpersonar som har kapasitet til å gjere jobben. Med knappe ressursar er vi lite robuste og svært sårbarer ved endring, sjukdom, ferie og anna fråvær. Forsøk på felles teneste med nabokommunar har ikkje lukkast. Vi må sikre kompetanse og kapasitet til kritiske funksjonar. Ei ekstra stilling til personalavdelinga vil kome heile organisasjonen til gode. Stillinga skal delvis finansierast ved sal av teneste til andre selskap enn Ulstein kommune. I tillegg skal stillinga finansierast av sparte utgifter til pensjonsleverandør.

Valgjennomføring - Røysteutstyr, bemannning,

Røystebås til universell utforming, PC-ar i samsvar med krav frå valdirektoratet, skanningtenester og overtid/bemanning for gjennomføring av val 2025 og val 2027.

Økonomiplan for 2024-2027

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum	
	2024	2025	2026	2027	2024-27	Driftskonsekvens
Kjøpe, renovere eller bygge nytt rådhus	0	0	0	1 000	1 000	Nei
Oppgradering dagens rådhus	3 950	0	500	500	4 950	Ja
Oppgradering Ulstein kyrkje 2026-2028	0	0	4 375	0	4 375	Ja
Sum investeringsprosjekt	3 950	0	4 875	1 500	10 325	

Ikkje prioriterte investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum	
	2024	2025	2026	2027	2024-27	Driftskonsekvens
Nyskapingsfond	600	600	600	500	2 300	Nei
Overgang til mobiltelefon	250	250	0	0	500	Nei
Soknet - Felling og nyplanting av trær på Osnes kyrkjegard	400	0	0	0	400	Nei
Soknet - Ombygging våpenhuset	875	0	0	0	875	Nei
Soknet - Rehabilitering av klokker og tårnur Ulstein kyrkje	394	0	0	0	394	Nei
Soknet - Varmeisolering og tilbygg til driftsbygget til Osnes kyrkjegard	200	0	0	0	200	Nei
Sum investeringsprosjekt	2 719	850	600	500	4 669	

Oppvekst og kultur

Kommunalsjef Karen Strand

Litt om oss

Etaten tek hand om tenesteområda

- barnehage
- grunnskule
- PPT
- voksenopplæring
- flyktningtenesta
- norsk for framandspråklege
- kultur
- idrett

Ulstein kommune er vertskommune for interkommunalt PPT-kontor for kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein, og også for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane i samarbeidskommunane.

Tenesteområdet har omlag 280 årsverk.

Mål for 2024

- Barn og unge i Ulstein kommune skal vekse opp i eit miljø som fremmar identitet, læring og livsmeistring gjennom deltaking og inkludering i fellesskapet.
- Barn og unge skal oppleve trygge og gode barnehagar, skular og nærmiljø. Vi skal legge til rette for at alle kan delta i organiserte og uorganiserte kultur-, fritids- og idrettsaktivitetar.
- Vi legg vekt på tidleg innsats, eit heilskapleg- og samanhengande tenestetilbod.
- I Ulsteinsamfunnet samarbeider vi internt og eksternt for å skape gode liv og like mogleigheter.

Berekraft, folkehelse, innovasjon, nytenking og utvikling i kombinasjon med effektivisering og god ressursstyring for å oppnå god tenestekvalitet vil vere overordna målsetting for oppvekst- og kulturetaten i perioden.

Aktivitet

I 2024 vil dei ulike einingane jobbe slik for å nå måla.

- Sikre full barnehagedekning og god kvalitet i barnehagetilbodet. Arbeide for å auke kompetansen til dei tilsette. Sikre heilskap og god samanheng mellom barnehage, skule og andre tenester.
- Sikre god kvalitet i opplæringa i tråd med læreplan og tilpassing av ny opplæringslov. Arbeide for gode skolemiljø der alle elevar opplever å høyre til i fellesskapet.
- PPT skal yte gode tenester til Ulstein og til samarbeidskommunane, og skal vidareutvikle system for kompetanseheving og organisasjonsutvikling knytt til barnehagar og skular.
- Kulturskulen skal vidareutvikle kvalitet i tilboda, vere synleg i samfunnet, og gi eit godt og variert tilbod til alle som ønsker det.

Økonomiplan for 2024-2027

- Inkludering og mangfold arbeider for å motverke utanforskning, gode ordningar og samarbeid for varig tilknyting til arbeidslivet for brukarane, tilpassing til intergreringslov, tilpasse drift til endringar i behov for tenester.
- Kulturavdelinga legg vekt på eit godt samspele med frivillig sektor, legge til rette for eit godt og variert kulturtilbod, ha fokus på folkehelse, utanforskning og ungdomsarbeid. Drifte eksisterande anlegg på ein god måte, legge til rette for nye anlegg ved behov.

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	302 456	295 931	295 795	295 795
Sum Vedtak forrige periode	0	0	0	3 000
Sum Lønns- og prisvekst	10 747	10 747	10 747	10 747
Konsekvensjusteringer	10 747	10 747	10 747	13 747
Konsekvensjustert ramme	313 203	306 678	306 542	309 542
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
Auka kostnad introduksjonsstønad	9 388	6 609	2 745	2 745
Auke i stillingar ved IMU	4 900	4 800	3 800	3 800
Auke i stillingar ved kompetansesenteret	2 000	1 500	1 000	1 000
Fritidstilbod born	100	70	70	70
Innkjøp IT-utstyr IMU	200	150	150	150
Innkjøp møbler og utstyr IMU	450	450	450	450
Kjøp av tenestetilbod til eldre	230	230	230	230
Korreksjon opp- og nedtrappingseffekt opplæring i norsk og samfunnskunnskap	0	125	125	125
Korreksjon opp- og nedtrappingseffekt opplæring i norsk og samfunnskunnskap	0	942	942	942
Kostnadar prosjekt bru til arbeid	900	900	900	900
Mottakssenter for kle og utstyr	95	95	95	95
Møblering ved busetting av flyktninger	190	70	70	70
Refusjon introløn Sande	-2 000	0	0	0
Refusjon kostnadar prosjekt bru til arbeid	-900	-900	-900	-900
Sal av skuleplasser Sande	-900	-200	0	0
Sal programrådgjeving Sande	-600	-200	0	0
Styrking grunnskule	2 500	1 000	0	0
Styrking ungdom frivillig	1 000	0	0	0
Særskilt tilskot	0	500	1 000	1 000
Tilskot norsk og samfunnsfag	-3 700	-2 200	-1 200	-1 200
Tomgangsleige UEKF	200	20	20	20
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	14 053	13 960	9 496	9 496
Nye tiltak				
Auka etterspørsel endringar endringar i kontantstøtta (mot Almejordet)	25	25	25	25
Auka etterspørsel endringar i kontantstøtta (mot private barnehagar)	158	158	158	158
Auka etterspørsel endringar i kontantstøtta (mot Sundgotmarka)	26	26	26	26
Bustadkonsulent flyktning - overføring til UEKF	739	0	0	0
Driftskonsekvens ny barnehage Hasund krins	0	0	4 200	4 130
Driftskonsekvens nytt kunstgras Høddvoll	0	765	740	714
Driftskonsekvens utskifting gamle lysrør	0	80	166	263
Gevinstar knytt til system for prøver i grunnskulen	-11	-11	-11	-11

Økonomiplan for 2024-2027

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Gratis 12 timer SFO (justering av heilårseffekt frå førre økonomiplan)	93	93	93	93
Heilårseffekt gratis barnehage frå 3.barn (mot Almejordet)	5	5	5	5
Heilårseffekt gratis barnehage frå 3.barn (mot private barnehagar)	32	32	32	32
Heilårseffekt gratis barnehage frå 3.barn (mot Sundgotmarka)	5	5	5	5
Heilårseffekt makspris barnehage satt til 3000 frå 1.januar 2023	116	116	116	116
Justering barnehagetilskot til private barnehagar	3 000	3 000	3 000	3 000
Justering husleige til UEKF	1 075	1 075	1 075	1 075
Justering husleige til UEKF	102	102	102	102
Justering konserinterne kontoar UK-UEKF	-1	-1	-1	-1
Maksimalpris foreldrebetaling barnehage (mot private barnehagar)	2 057	2 057	2 057	2 057
Maksimalpris foreldrebetaling barnehage (redusert inntekt Almejordet)	320	320	320	320
Maksimalpris foreldrebetaling barnehage (redusert inntekt Sundgotmarka)	338	338	338	338
Ny leigeavtale Blåhuset PPT	196	196	196	196
Ny leigeavtale Reiten IMU - utvida lokale	749	749	749	749
Ny opplæringslov - regelendringer	82	82	82	82
Redusert pensjonspåslag private barnehagar	-100	-100	-100	-100
Sum Nye tiltak	9 005	9 111	13 372	13 373
Nye tiltak og realendringer	23 058	23 072	22 869	22 870
Sum Interne rammeendringer	6 701	6 701	6 701	6 701
Interne rammeendringer	6 701	6 701	6 701	6 701
Ramme 2024-2027	342 962	336 450	336 111	339 112

Ikkje prioriterte driftstiltak

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Driftsmidlar biblioteket	80	80	80	80
God oppvekst i Ulstein	150	150	150	150
Læremiddel grunnskule	300	300	0	0
MOT - manglende lønsmidlar	350	350	350	350
Nytt biblioteksystem	135	40	40	40
Rådgjevarstilling	400	400	400	400
Sjøborg kino - kostnad knytt til lisensar	130	130	130	130
Undervisningsmateriell kulturskolen	200	100	100	100
Sum	1 745	1 550	1 250	1 250

Nye tiltak

Driftsmidlar biblioteket

Biblioteket manglar midlar til å drive utadretta arbeid knytt til ulike arrangement. Dette er svært etterspurt.

God oppvekst i Ulstein

Tverrfagleg satsing som skal sikre og utvikle gode tenester og god samhandling knytt til det å vekse opp i Ulstein

Læremiddel grunnskule

Det er eit stort behov for utskifting av læreverk ved skulane i Ulstein, i samband med innføring av ny læreplan. Dette er det ikkje grunnlag for å gjennomføre i skulane sine budsjett slik det er no. Ber om ei budsjettregulering for dei neste to åra slik at ein kan få gjort nødvendige innkjøp.

MOT - manglende lønnsmidlar

Det er ikkje lønnsmidlar knytt til stillinga som MOT-koordinator.

Rådgjevarstilling

Tilsetje ein ekstra lærar/rådgjevar i 50% stilling. Det er behov for meir rettleiing i høve utdanningsval, men også rettleiing i vanskelege situasjoner for elevar. Ei slik stilling vil ta ned den store utanomfaglege belastninga som no ligg på kontaktlærar. Rådgjevar er ei lovpålagt oppgåve.

Sjøborg kino - kostnad knytt til lisensar

Det er budsjettert for lågt i høve lisensar knytt til Sjøborg kino.

Undervisningsmateriell kulturskulen

Kulturskulen har behov for å oppgradere instrument, bøker og anna materiell dei treng til undervisning. Dette er det ikkje rom for i budsjettet slik det er no. Ber om at posten vert auka.

Økonomiplan for 2024-2027

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum	
	2024	2025	2026	2027	2024-27	Driftskonsekvens
Forprosjekt utbygging Almejordet barnehage	625	0	0	0	625	Nei
IKT-utstyr i skulane	625	312	312	312	1 562	Ja
Turveg Osberget	875	0	0	0	875	Nei
Sum investeringsprosjekt	2 125	312	312	312	3 062	

Ikkje prioriterte investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum	
	2024	2025	2026	2027	2024-27	Driftskonsekvens
Lyd- og bildeanlegg biblioteket	250	0	0	0	250	Nei
Oppgradering av instrument.	500	250	250	0	1 000	Nei
Kulturskulen						
Skjermar til tilsette i skulen	200	0	0	0	200	Nei
Uteområde Ulstenvik barneskule	1 000	1 000	500	500	3 000	Nei
Sum investeringsprosjekt	1 950	1 250	750	500	4 450	

Helse og omsorg

Kommunalsjef Kristin Vik

Litt om oss

Helse- og omsorgsetaten omfattar tenester for innbyggjarane i kommunen gjennom heile livsløpet.

I dette inngår

- kommuneoverlege med legeteneste og fysioterapi
- helsestasjon med tenester til barn og unge og deira føresette, i tillegg til gravide
- omsorgstenester med heimetenester og tenester for rus og psykisk helse
- institusjon/sjukeheim med langtidsplassar, korttidsavdeling og dagtilbod
- omsorgsbustadar med heildøgns tenester og bu- og habiliteringsteneste
- kommunepsykolog
- interkommunalt NAV
- barnevernteneste

I etaten inngår også administrative fellestjenester som kjøkken, vaskeri, ambulerande vaktmeister, hjelpemiddelformidling og koordinerande eining. Etaten har overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane, og er difor ein sentral aktør i det kommunale folkehelse- og planarbeidet.

Tenesteområdet har omlag 250 årsverk.

Mål for 2024

- **Eit aldersvennleg samfunn:** Ulstein kommune er eit demensvennleg samfunn og har satsa på tidleg oppdaging av demens og tilrettelagde tenester.
- **Gode tenester til innbyggjarane i alle livsfasar**
- **Innovasjon og nytenking:** Gjere nytte av velferdsteknologi og elektronisk kommunikasjon for å styrke og effektivisere tenestetilbodet.
- **Tilpassa bustad til dei med særlege helseproblem:** Auka tal på eldre og auka press på sjukeheim. Ulstein ser omsorgsbustadar og gode heimetenester som alternativ til sjukeheim.

For å møte utfordringa med auka behov og krav til omsorgstenestene, er der nokre særlege satsingsområde vi må arbeide vidare med:

- ressursorientert sakshandsaming og tildelingspraksis
- tidleg innsats på alle tiltaksområde
- gode pasientforløp – på rett plass i innsatstrappa
- tilpassa bustad til alle med særlege helseutfordringar
- leve heile livet i eit aldersvennleg samfunn – gode møteplassar
- rekruttering og kompetansebygging
- heiltidskultur – berekraftig bemanningsplanlegging

Aktivitet

Utfordringar framover

Talet på eldre i Ulstein vil auke. Det fører til at vi får fleire eldre med behov for omsorgstenester. Samstundes utgjer innbyggjarar under 67 år allereie i dag ein stor del av dei som tek imot heimetenester. Mange av desse slit med helseproblem knytt til psykisk helse og rus. Føringar og forventningar tilseier at slike helseutfordringar i større grad skal verte behandla i kommunen. Det same gjeld helsetenester knytt til kronisk sjukdom og palliativ omsorg som i større grad enn før må varetakast i kommunen. Fleire har bruk for ressurskrevjande tenester, medan den statlege refusjonen for slike tenester vert svakare. I tillegg kan vi, som alle andre kommunar, oppleve at tilgangen på arbeidskraft og kompetanse vert vanskelegare.

Innovasjon, nytenking og rett kompetanse

For å sikre berekraftige tenester må vi stadig tenke nytt og innovativt. Dette inneber mellom anna satsing på elektronisk kommunikasjon mellom dei ulike tenestene i kommunen og sjukehusa. I tillegg gjer vi oss nytte av velferdsteknologi for å styrke tenestetilbodet til brukarane slik at det gir fridom, tryggleik og meistring.

Ressursbasert saksbehandling og tildelingspraksis

Gjennom brukarmedverknad og god avklaring vil vi hjelpe innbyggjarane til å leve sjølvstendig lengst mogleg. Dette inneber mellom anna støtte og rettleiing til sjølvhjelp, meining og meistring, og føreset god samhandling mellom eininger og etatar.

Tidleg innsats og førebyggande arbeid

Vi samarbeider nært med oppvekst- og kulturetaten om å styrke det førebyggande arbeidet og tidleg oppdaging av helseproblem gjennom satsinga *God oppvekst Ulstein*. Denne involverer også helsestasjonen, som er involvert i *Barneblikk*, den nasjonale satsinga på tidleg oppdaging av barn med særlege behov. Tidleg innsats er elles eit fokus på alle nivå i heilskapleg innsatstrapp.

Gode pasientforløp

Vi legg stor vekt på eit nært samarbeid med andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta gjennom faste samarbeidsforum. Dette krev god samhandling både internt og eksternt. Målet er at flest mogleg får ressursinnsats eller tenester frå rett plass i innsatstrappa til rett tid.

Tilpassa bustad og omsorgstenester

Helse og omsorg ser fram til at 20 nye omsorgsbustadar i Skollebakken står ferdige. Fleire eldre og auka behov gjer at vi treng å styrke kapasiteten for ta unna utskrivingsklare pasientar frå sjukehus, og frå vår eiga korttidsavdeling. Omsorgsbustad med heildøgns omsorgstenester vil dempe presset, og vere eit reelt alternativ til institusjonsplass.

Leve heile livet i eit aldersvennleg samfunn for alle

Ulstein kommune ønsker å vere eit aldersvennleg samfunn. Dette føreset mellom anna satsing på tidleg oppdaging av demens. Denne satsinga vert styrka gjennom at vi framleis er med i nasjonalt kommunenettverk for utvikling av aldersvennlege samfunn. Reforma *Leve heile livet* peikar på fem

satsingsområde, der eit av dei er mat, måltid og aktivitet. Ernæring er viktig for god helse, og kjøkkenet skal ha eit særleg fokus på å vekke matglede og matlyst, mellom anna ved å velje råvarer og rettar som speglar årstida.

Integrering og møteplassar

Einsemdund aukar. Vi skal difor framleis, gjennom planarbeid og tiltak, vere med på å utvikle møteplassar der generasjonar kan møtast og ha gode opplevingar. Vi skal gi praksiserfaring til personar som treng yrkeserfaring og språktrening. Vi held fram med å legge til rette for frivillig sektor sitt bidrag for aktivitet og oppleving. Saman med oppvekst- og kulturetaten arbeider vi vidare for å motverke utanforskap og psykisk uhelse blant barn og unge.

Rekruttering og kompetanseutvikling på alle nivå i organisasjonen

Utvikling viser at vi vert færre yngre og færre i yrkesaktiv alder i forhold til talet på eldre. Dette gjer rekruttering av tilsette til omsorgssyrka meir krevjande, og vi kan ikkje legge til grunn vekst i drifta slik vi har gjort siste ti åra. Helse og omsorg må oppretthalde fokus på vedlikehald og vidareutvikling av kompetanse. Dette må vere tilpassa dei endringar som skjer i oppgåveansvaret til kommunen. God oppgåvefordeling og kompetanseutvikling vil vere med på å gjere oss til ein attraktiv arbeidsgivar, og eit godt lag som vi trur fleire med god kompetanse vil vere med på. Vi må difor rigge oss godt, og vere attraktive for å rekruttere nye medarbeidarar.

Heiltidskultur – berekraftig bemanningsplanlegging

Heiltidskultur er avgjerande for å sikre berekraftige bemanningsløysingar i framtida. Målet er å framleis auke talet på tilsette i heile stillingar. God arbeidstidsplanlegging og god oppgåvefordeling skal vere med å sikre kontinuitet, kapasitet, kvalitet og kompetanse i tenestene. Dette er faktorar som er avgjerande for brukaropplevinga, og for at brukarane skal få færre personar å verte kjende med. Samla inneber dette ei styrking av kvalitet og effektivitet i tenestetilbodet.

Økonomiplan for 2024-2027

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opprinnelig budsjett	233 231	231 781	231 781	231 781
Sum Vedtak forrige periode	2 700	2 700	0	0
Sum Lønns- og prisvekst	9 287	9 287	9 287	9 287
Konsekvensjusteringer	11 987	11 987	9 287	9 287
Konsekvensjustert ramme	245 218	243 768	241 068	241 068
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
Auka kapasitet helsestasjonen	1 300	800	300	300
Auka kostnad sosialhjelp	9 000	5 000	2 000	2 000
Styrking helse og omsorg	1 000	0	0	0
Tilbakeføring innsparingskrav	0	0	4 900	4 900
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	11 300	5 800	7 200	7 200
Nye tiltak				
Driftskonsekvens nye omsorgsbustadar	0	1 712	5 568	5 444
Heilsårseffekt auka sosialhjelppassatrar	380	380	380	380
Heilårseffekt auka basistilskot til fastlegar	407	407	407	407
Justering husleige til UEKF	1	1	1	1
Justering konserinterne kontoar UK-UEKF	14	14	14	14
Justering ramme barnevern	2 018	2 018	2 018	2 018
Tilbakeføring innsparingskrav	0	0	-4 900	-4 900
Sum Nye tiltak	2 820	4 532	3 488	3 364
Nye tiltak og realendringer	14 120	10 332	10 688	10 564
Sum Interne rammeendringer	2 645	2 645	2 645	2 645
Interne rammeendringer	2 645	2 645	2 645	2 645
Ramme 2024-2027	261 983	256 745	254 401	254 277

Ikkje prioriterte driftstiltak

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Administrasjonstid til avdelingsleiarar på sjukeheim	900	900	900	900
Auka grunnbemanning demensavdeling på dagtid	2 800	2 800	2 800	2 800
Auka grunnbemanning heimetenesta	2 800	2 800	2 800	2 800
Auka stilling demenskontakt	300	300	300	300
Auke jordmorstilling frå 60% til 100%	400	400	400	400
Avlastning barn og unga - auka tenester til barnevernreformen	1 000	1 000	1 000	1 000
Barneblikk 1,5 stilling	1 200	1 200	1 200	1 200
Dagsenter for eldre - auka bemanning	400	400	400	400
Hjelpemiddeltekninkar 20%	200	200	200	200
Lisens velferdsteknologi	1 200	1 200	1 200	1 200
Sum	11 200	11 200	11 200	11 200

Nye tiltak

Administrasjonstid til avdelingsleiarar på sjukeheim

Det er stort behov for tid til administrasjon for dei fem avdelingsleiarane på sjukeheimen. Dei har i dag ikkje administrativ tid til å utføre lovpålagte oppgåver som internkontroll, dokumentasjon og kvalitetssikring. Treng minimum 20% stilling per leiar.

Auka grunnbemanning demensavdeling på dagsid

Fleire pasientar med utfordrande åad ferd demensavdelingane. Dette krev meir personale på jobb for å kunne skjerme og ivareta denne pasientgruppa.

Auka grunnbemanning heimetenesta

Heimesjukepleia har behov for auka grunnbemanning pga.:

- stor auke i personar med store og utfordrande hjelpebehov - t.d. kreft og demens
- tidlegere utskriving frå sjukehus
- yngre brukarar med rus og psykiske helseutfordringar.

Auka stilling demenskontakt

Ulstein kommune har 20 % stilling som demenskontakt. Treng å auke med 30 prosentpoeng på grunn av auka tal på heimebuande med demens og auka etterspurnad etter demenskontakt.

Auke jordmorstilling frå 60% til 100%

Helsestasjonen har jordmor i 100 % stilling. 40 % har vore dekt av prosjektmidlar som no fell bort.

Avlastning barn og unga - auka tenester til barnevernreformen

Behov for avlastning barog unge har auka. Det kjem nye brukarar med store hjelpebehov. Tiltak for å forebeygge store behov i framtida. Barnevernreforma vil medføre behov for fleire tilbod til barn og unge. Deriblant avlasning og støtekontakt, samt behov for koordinering for fleire nye brukarar til funksjonen.

Barneblikk 1,5 stilling

Barnevernsreformen/oppvekstreformen sine hovedgrep er førebygging. Tidleg oppdaging av risikoutsette barn og familiar, tidleg hjelp før stiuasjonen vert alvorleg slik at tunge tiltak vert naudsynt. Kommunen skal inn med tidleg innsats og førebygging. Barneblikk som er eit samarbeidsprosjekt med Helse MR er hittil finansiert med prosjektmidlar og må inn i fast drift. Viser til plan for førebygging av omsorgssvikt og adferdsvanskar.

Dagsenter for eldre - auka bemanning

Aktivitet og musikkterapi for sjukeheimen/dagsenteret 50% stilling er i da dekt av prosjektmidlar som vert avslutta i 2022. Stort behov for å vidareføre denne stillinga. Tal på brukarar på dagsenteret har auka mykje siste åra og dei treng denne stillingsauken for å kunne oppretthalde noverande tilbod.

Hjelpemiddeltekninkar 20%

Behov for å auke stillinga frå 60 % til 80 %. Stort arbeidspress då kommunen har tatt over ansvaret for reparasjonar, kontroll og drifting av hjelpemiddel - samt montering ute i heimane.

Lisens velferdsteknologi

Bruk av velferdsteknologi gir auka driftskostnadar utan at dette er kompensert for i budsjettet.

Økonomiplan for 2024-2027

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum	
	2024	2025	2026	2027	2024-27	Driftskonsekvens
Bilar omsorg - utskifting fra leasing til kjøp	0	1 600	0	0	1 600	Ja
Helseplattformen	0	30 488	0	0	30 488	Ja
Velferdsteknologi	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000	Ja
Sum investeringsprosjekt	1 000	33 088	1 000	1 000	36 088	

Ikkje prioriterte investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekt	Økonomiplan				Sum	
	2024	2025	2026	2027	2024-27	Driftskonsekvens
Ladestasjonar for elbil	100	100	0	0	200	Nei
Pasientvarsling Sjøsida	3 375	0	0	0	3 375	Nei
Sum investeringsprosjekt	3 475	100	0	0	3 575	

Teknisk etat

Kommunalsjef Arne Runar Vik

Litt om oss

Etaten har følgande struktur og oppgåver:

- **Plan- og bygningsavdelinga:** plan, byggesak, geodata, miljøvern.
- **Anleggs- og driftsavdelinga:** veg, vann, avløp, grøntanlegg, hamn og utbyggingsprosjekt innanfor desse fagfelta.
- **Hareid og Ulstein brannvesen:** brann- og ulykkesberedskap inkludert beredskap mot akutt forureining, brannførebyggande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Ulstein er vertskommune for Hareid innanfor brannvern.
- **Kommunalsjef teknisk:** leiding av etaten, økonomiarbeid, sal av kommunale bustad- og industritoromter, Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, grunneieverv, sal og forvaltning av kommunal grunn.

Mål for 2024

- behovsprøvd feiing og starte kartlegginga av fyringsanlegg i fritidsbustadar
- bruk av e-Byggesak og digitale løysingar for å yte god service til innbyggjarar og næringsliv
- fullføre områdeplan for Ulsteinvik sentrum
- gjennomføre investeringsprosjekt innanfor vedtekne rammer
- opplæring og kompetanseheving
- utnytte fasilitetane i nye Ulstein brannstasjon

Aktivitet

I 2024 har vi fleire prosjekt:

- lage framlegg til ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum med mellom anna fortettings- og parkeringsstrategi
- lage ny planstrategi for Ulstein kommune
- starte arbeidet med ny samfunnsdel av kommuneplanen
- vidareutvikle kompetansen slik at kommunen vert verande i nasjonal toppklasse innanfor kartfaget
- ha god kvalitet på saksbehandling og halde fastlagde fristar
- betre vegvedlikehaldet for å sikre godt og trygt vegnett for alle brukarar og ta i vare verdiane som er investert
- auke arbeidsinnsatsen innanfor avløp, spesielt med å få vekk regnvatn frå kloakknettet
- oppdatere maskin- og utstyrsparken
- vidareutvikle det brannførebyggande arbeidet

Økonomiplan for 2024-2027

- halde fram kartlegging av fyringsanlegga i bustadar og fritidsbustadar for å finne mest mogeleg korrekt nivå for behovsprøvd feing/tilsyn
- følge opp ROS-analysar og branndokumentasjon vedteken i september 2023
- utnytte fasilitetane i nye Ulstein brannstasjon – betre samhandling, vask og vedlikehald av køyretøy og utstyr, fysisk trening, enklare gjennomføring av øvingar

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Opphavleg budsjett	22 973	20 455	19 741	19 741
Sum Lønns- og prisvekst	649	649	649	649
Konsekvensjusteringar	649	649	649	649
Konsekvensjustert ramme	23 623	21 105	20 391	20 391
Driftskonsekvens				
Driftskonsekvens stigebil/lift	0	-270	-264	-257
Sum Driftskonsekvens	0	-270	-264	-257
Nye tiltak				
Justering husleige til UEKF	264	260	260	260
Justering husleige til UEKF	44	48	48	48
Justering jf. budsjettnotat Momentum sjølvkost	-1 960	-1 545	-956	-1 082
Justering konserinterne kontoar UK-UEKF	6	6	6	6
Sum Nye tiltak	-1 646	-1 231	-642	-768
Nye tiltak og realendringar	-1 646	-1 501	-906	-1 025
Sum Interne rammeendringar	52	52	52	52
Interne rammeendringar	52	52	52	52
Ramme 2024-2027	22 028	19 655	19 536	19 417

Ikkje prioriterte driftstiltak

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027
Auka løyving til vegvedlikehald	2 000	2 000	2 000	2 000
Auka ramme lønn	330	330	330	330
Auka ramme til kontingentar for nødnett og 110-sentral	330	330	330	330
Auka ramme veglys	500	500	500	500
Brannmateriell og -utstyr	110	110	110	110
Planleggarstilling	1 000	1 000	1 000	1 000
Trafikktryggingstiltak	200	200	200	200
Sum	4 470	4 470	4 470	4 470

Nye tiltak

Auka løying til vegvedlikehald

Det vert vist til kommunesytersak 79/23, møte 14.9.2023 om tilstand på kommunale vegar i Ulstein. Av denne saka og utgreiinga går det fram eit stort etterslep på vegvedlikehald. Ein god del av dette kan takast som investering, jf. prioritering i vedtaket om 10-årig investeringsplan. Men likevel er det behov for driftsmidlar som skissert i dette tiltaket då t.d. rein fornying av asfaltdekke ikkje kan definerast som investering, men drift.

I forhold til rasjonell utøving av vedlikehaldet i eigenregi og fokus på HMS, er det behov for at det i all hovudsak er to personar ved uteavdelinga som tek seg av drift på veg. Samla framlegg til auka ramme inneholder både lønsmidlar og reine vedlikehaldsmidlar.

Negativt avvik på vegvedlikehaldet har variert mellom 500.000 og 1 mill. kr pr. år over tid. Og då har det vore minimalt med rehabilitering av asfaltdekke.

Auka ramme lønn

Lønsauka har vore noko høgare enn budsjetttauken over fleire år. Dette kan m.a. ha å gjere med at ein stor del av dette er vaktgodtgjering for å dekke vedteken og forskriftsfastlagt vaktordning som ikkje nødvendigvis blir automatisk oppjustert etter lønnsoppgjerset slik som faste løner. I samsvar med vedteken vertskommuneavtale dekker Ulstein 55 % og Hareid 45 % av denne endringa.

Auka ramme til kontingentar for nødnett og 110-sentral

Dette er utgifter kommunane Ulstein og Hareid må dekke - dei kan veljast vekk. Der har tidlegare år ikkje vore lagt inn budsjettmessig dekning og lisens- og abonnementskostandane har auka over fleire år utover generell pris- og lønsvekst. Basert på tertialrapport 2 - 2023, vil den rekneskapsmessige underdekninga i høve budsjettet bli på om lag 600 kr i 2023 som skal fordelast med 55 % på Ulstein og 45 % på Hareid kommune etter vedteken vertskommuneavtale.

Auka ramme veglys

Rammene for drift og vedlikehald av veglysa i kommunen har hatt negativt rekneskapsmessig avvik i høve budsjett frå om lag 500.000 aukande opp til 1,2 mill. kr siste tre åra. For delar av 2023 har straumprisen vore negativ, noko vi ikkje kan forvente vil halde fram. Kostnadene til vedlikehald ligg ved utgangen av 2. tertial 2023 om lag kr 500 000 over budsjett.

Brannmateriell og -utstyr

Mykje av brannmateriellet er frå 2008 da det vart kjøpt nye førsteuttrykkingsbilar både i Ulstein og Hareid. Ein del av dette er utslite eller held ikkje fagleg god nok kvalitet og treng utskifting.

Køyretøya treng meir vedlikehald ettersom dei vert eldre.

Rammene til arbeidskle er for små og må aukast.

Dette er eit same tiltak for vedlikehald køyretøy, brannmateriell/utstyr og arbeidskle.

Inntekta er refusjon frå Hareid etter fordelingsnøkkelen 55/45 i avtale vedteken i mars 2022.

Økonomiplan for 2024-2027

Planleggarstilling

Dersom Ulstein kommune skal henge med i samfunnsutviklinga m.a. ved rullering av lovpålagde overordna planar treng administrasjonen å få auka planleggarkapasiteten. Pr. no så skal det jobbast med samfunnsplan, arealdelen av kommuneplanen, områdeplan for sentrum, planstrategi, naturmangfaldsplan, kystsoneplan, bidra i tverrsektorielle planprosjekt m.m. Det vert stilt krav om utarbeiding av arealrekneskap og vurdering av berekraftmåla i alt vi gjer.

Det er stor aktivitet på plansida, og teknisk etat opplever at både bustadfeltutviklarar og næringsaktørar ser på Ulstein som ei attraktiv kommune å etablere seg i. For at vi skal kunne kome desse i møte og tilby dei utbyggingsklare områder, må vi ha kapasitet til å sakshandsame planforslag på ein kvalitativ god måte. Overordna mynde stiller stadig strengare krav til private planar, plan er no siste lovlege nivå av utredningar m.a. knytt til støy, grunnforhold, rasfare osv. Det er ikkje lenger høve til å utsette slikt til byggesaka, noko som medfører at omfanget av problemstillingar og kompleksiteten knytt til sakshandsaminga av private planar har auka kraftig. Til samanlikning har våre nabokommunar (Ørsta, Volda og Herøy) alle mellom 2 og 3 planleggarstillingar, i Ulstein har vi ei stilling. Dette gjer oss også svært sårbare ved fråfall.

Trafikktryggingstiltak

Det er behov for midlar til mindre trafikktryggingstiltak som t.d. fartsdemparar, gangfelt, skilting, merking osv. Investeringsstiltak for trafikktrygging blir avventa til ny trafikktryggingsplan er vedteken.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum	
	2024	2025	2026	2027	2024-27	Driftskonsekvens
Bil grøntanlegg	0	0	812	0	812	Ja
Brøyteutstyr	625	313	625	0	1 563	Ja
Flykartlegging	0	0	0	250	250	Nei
Hjullastar - Lundberg	0	2 500	0	0	2 500	Ja
Innkjøp batteridrevet redningsverktøy	625	0	0	0	625	Ja
Investering avløp	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	Ja
Investering vann	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000	Ja
Ny Gravplass - grunnerverv/arkeologi	-0	2 500	0	0	2 500	Ja
Ny lastebil	500	0	0	0	500	Ja
Oppgradering av kommunale vegar	5 000	5 000	3 750	3 750	17 500	Ja
Oppmålingsbil	350	0	0	0	350	Ja
Sikring av gravplassar på Osnesh og Ulstein	750	0	0	0	750	Ja
Stigebil/lift	6 000	0	0	0	6 000	Ja
Tomtekjøp Saunesmarka	9 000	0	0	0	9 000	Ja
Trafikktryggingstiltak	1 750	3 750	4 750	0	10 250	Ja
Sum investeringsprosjekt	32 600	22 063	17 938	12 000	84 600	

Økonomiplan for 2024-2027

Ikkje prioriterte investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2024-27 Driftskonsekvens	
	2024	2025	2026	2027		
Fendring kommunekai	-0	0	0	625	625	Nei
Fortau langs Bakkegata	-0	-0	1 000	14 000	15 000	Nei
Kantslåttutstyr til hjullastar L50	0	0	0	250	250	Nei
Kommandobil	0	750	0	0	750	Nei
Logistikkbil brann	750	0	0	0	750	Nei
Ny bil drift uteavd/avløp	400	0	0	0	400	Nei
Ny bil teknisk vakt	700	0	0	0	700	Nei
Parkeringsplass der Reitehuset var	-0	0	875	0	875	Nei
Parkeringsplass i Varleite	-0	625	0	0	625	Nei
Plentraktor	250	0	0	0	250	Nei
Sentrumsutvikling	0	2 500	1 250	0	3 750	Nei
Stikksetjar til hjullastar L50 og traktor	875	0	0	0	875	Nei
Sum investeringsprosjekt	2 975	3 875	3 125	14 875	24 850	